



Vestlandsforskning
Boks 163, 6851 Sogndal
Tlf. 57 67 61 50
Internett: www.vestforsk.no

VF-notat 11/2004

Ungdomsbarometer for Sogn og Fjordane

Thor André Fløtre

VF Notat

Tittel Ungdomsbarometer for Sogn og Fjordane	Notat nr. 11/2004
	Dato 23.12.2004
	Gradering Open
Prosjekttittel Ungdomsbarometer for Sogn og Fjordane	Tal sider 70
	Prosjektnr 2253
Forskarar Thor André Fløtre, Oluf Haugen	Prosjektansvarleg Thor André Fløtre
Oppdragsgjevar Innovasjon Norge Sparebanken Sogn og Fjordane	Emneord Ungdom
Samandrag Ungdomsbarometeret for Sogn og Fjordane er ei spørjeundersøking retta mot ungdommane i andre klasse yrkesførebuande fag og tredje klasse studieførebuande fag i Sogn og Fjordane. Det har i fleire år vore ulike former for politisk arbeid, fylkesplanarbeid og ungdomssatsingar. Desse har i hovudsak hatt som føremål å leggje til rette for gode oppveksttilhøve, og å stimulere til attendeflytting. Ungdomsbarometeret er ein informasjonsbase over kva ungdommane i Sogn og Fjordane meiner om fylket og framtida. Og såleis eit verktøy vidare i denne prosessen gjennom å gje ei meir systematisert oversikt av ungdommane sine synspunkt.	
Andre publikasjonar frå prosjektet VF-notat 12/2004: Ungdomsbarometer for Sogn og Fjordane -kortversjon	
ISSN: 0804-8835	Pris 150,-

Føreord

Ungdomsbarometeret for Sogn og Fjordane er ein informasjonsbase over kva ungdommene i Sogn og Fjordane meiner om fylket og framtida. Det har i fleire år vore ulike former for politisk arbeid, fylkesplanarbeid og ungdomssatsingar. Desse har i hovudsak hatt som føremål å leggje til rette for gode oppvekststilhøve, og å stimulere til attendeflytting. Ungdomsbarometeret skal vere eit verktøy vidare i denne prosessen gjennom å gje ei meir systematisert oversikt av ungdommene sine synspunkt.

Oppdragsgjevar for prosjektet er Innovasjon Norge og Sparebanken Sogn og Fjordane. Desse har tidlegare i samarbeid gjeve ut Fylkesbarometeret for Sogn og Fjordane.

Ungdomsbarometeret er ei vidareføring i denne satsinga og skal vere eit barometer om og for ungdomen i Sogn og Fjordane. Det er fyrste gongen eit slikt barometer blir laga i Sogn og Fjordane.

Rapporten er skriven med tanke på at lesaren, til liks med forfattaren, er i Sogn og Fjordane. Dette gjer at det i teksten tidvis er nytta vendingar som ”vi” og ”her i fylket”. Vidare er rapporten tiltenkt eit breitt publikum, som også inkluderar ungdommene sjølve.

Vi vil takke dei vidaregåande skulane som har teke seg tid til undersøkinga, og ikkje minst elevane som har svara. Ein takk også til Astrid Øydvin og Morten Simonsen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane for nyttige innspel.

Sogndal 23.12.2004

Erling Holden
forsksleiar

Thor André Fløtre
prosjektleiar

Innhald

Samandrag	7
1. Innleiing	9
2. Spørjeundersøking.....	9
2.1 Oppbygging av spørjeundersøkinga.....	9
2.1.1 Samarbeid med elevar	10
2.2 Gjennomføring av spørjeundersøkinga.....	10
2.2.1 Teknisk oppbygging.....	11
3. Teoretisk bakgrunn.....	11
3.1 Skildring av totalpopulasjon og respondentar	11
3.2 Samanslåing av studieretningar.....	13
4. Resultat.....	20
4.1 Tema: Etablering av bedrifter	20
4.1.1 Deloppsummering for temaet etablering av bedrift	26
4.2 Tema: Jobb	27
4.2.1 Deloppsummering for temaet jobb.....	33
4.3 Tema: Framtida	34
4.3.1 Deloppsummering for temaet om framtida	41
4.4 Tema: Livet	42
4.4.1 Deloppsummering av temaet om korleis det er å leve i Sogn og Fjordane.....	46
5. Oppsummering og diskusjon.....	47
5.1 Blir ungdomane buande?.....	47
5.2 Kvifor reiser dei?.....	48
5.3 Skal vi prøve å få dei attende?	49
Vedlegg I - Dømer på den grafiske framstillinga.....	51
Vedlegg II – Prosedyre for brukartesting	54
Vedlegg III – Resultat frå dei ulike historiene	56
Vedlegg IV - Resultat frå spørjeundersøkinga.....	59

Figurar

Figur 4.1 syner svarprosenten på ulike grunnar til at elevane ynskjer å starte bedrift.....	22
Figur 4.2 syner kva respondentane som ville, eller kanskje ville, starte bedrift svarte til spørsmålet om bedrifta skulle ligge i Sogn og Fjordane	23
Figur 4.3 syner kva elevane meiner om ei bedrift dei kjenner i fylket. Skalaen går frå kjedeleg til spennande.....	24
Figur 4.4 syner kva elevane meiner om ei bedrift dei kjenner i fylket. Skalaen går frå tradisjonell til framtidsretta	25
Figur 4.5 syner kva elevane meiner om jobbane i fylket. Skalaen går frå kjedelege til spennande	27
Figur 4.6 syner kva elevane meiner om jobbane i fylket. Skalaen går frå tradisjonelle til moderne	28
Figur 4.7 syner kva bransjar respondentane meiner det er mest av i Sogn og Fjordane. Dei kryssa av på det dei trur er dei tre største bransjane.....	29
Figur 4.8 syner svarprosenten på spørsmål om dei vil få seg jobb her i fylket.....	31
Figur 4.9 syner kva respondentane meiner er viktigast med ein jobb. Dei fekk krysse på maks tre alternativ.....	32

Figur 4.10 syner svarprosenten til spørsmålet om korleis respondenten trur Sogn og Fjordane vil utvikle seg i framtida.....	36
Figur 4.11 syner svarprosenten til alternativet ofte (kvar veke) for ulike medium kor elevane får vite om ting som skjer i Sogn og Fjordane	37
Figur 4.12 syner svarprosenten til alternativet ”mykje” for kva faktorar som er med å forme deira meningar og haldningar. Kvar faktor har alternativa mykje, litt og lite	38
Figur 4.13 syner kva elevane meiner om livet i fylket. Skalaen går frå kjedelege til moro.....	42
Figur 4.14 syner kva elevane meiner om livet i fylket. Skalaen går frå tradisjonelt til moderne	43
Figur 4.15 syner kva elevane svarte på spørsmålet om kva som er dei to verste tinga ved å bu i Sogn og Fjordane	45
Figur 4.16 syner kva elevane svarte på spørsmålet om kva som er dei to beste tinga ved å bu i Sogn og Fjordane	46

Tabellar

Tabell 3.1 syner talet elevar for totalpopulasjonen og respondentane fordelt på studieretning og kjønn.....	12
Tabell 3.2 syner kor mange prosent av totalpopulasjonen som har respondert fordelt på studieretning og kjønn.....	13
Tabell 3.3 syner fordelinga av elevar mellom studieretningane og årstrinn (VKI og VKII) i totalpopulasjonen	14
Tabell 3.4 syner grupperinga av ulike studieretningane i dei to gruppene; allmenne fag og yrkesretta fag.....	15
Tabell 3.5 syner fordelinga mellom allmenne fag og yrkesfag etter samanslåinga	18
Tabell 3.6 syner kor mange prosent av totalpopulasjonen som har respondert fordelt på dei to kategoriane og kjønn.....	19
Tabell 4.1 syner svarprosenten på spørsmål respondenten har vore med i elev- eller ungdomsbedrift.....	20
Tabell 4.2 syner svarprosenten på spørsmål om respondenten kunne tenkje seg å starte eiga bedrift	21
Tabell 4.3 syner svarprosenten på spørsmål om respondenten kunne tenkje seg å starte bedrift når same respondent også har svart at han/ho har vore med på elev- eller ungdomsbedrift	21
Tabell 4.4 syner svarprosenten på spørsmål om respondenten kunne tenkje seg å starte ei slik verksemd som Moods of Norway	26
Tabell 4.5 syner svarprosenten på spørsmål om i kva bransje respondentane kunne tenkje seg å jobbe eller starte verksemd	30
Tabell 4.6 syner svarprosenten på spørsmål om respondentane trur jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårligare betalt enn i for eksempel Oslo og Bergen.....	32
Tabell 4.7 syner svarprosenten på spørsmål om respondentane trur jobbane i Sogn og Fjordane er artigare eller kjedeligare enn i for eksempel Oslo og Bergen.....	33
Tabell 4.8 syner svarprosenten på spørsmål om respondentane trur jobbane i Sogn og Fjordane er mindre eller meir stressande enn i for eksempel Oslo og Bergen.....	33
Tabell 4.9 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ”Eg gler meg” stemmer med slik dei ser på framtida	34
Tabell 4.10 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ” Eg trur eg kan realisere draumane mine” stemmer med slik dei ser på framtida	34

Tabell 4.11 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ” Eg trur eg vil finne meg ein bra jobb” stemmer med slik dei ser på framtida.....	35
Tabell 4.12 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ” Eg trur eg vil få eit bra sosialt liv” stemmer med slik dei ser på framtida	35
Tabell 4.13 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ” Eg er redd for å velje feil” stemmer med slik dei ser på framtida.....	35
Tabell 4.14 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ” Eg trur framtida blir betre enn eg har det no” stemmer med slik dei ser på framtida	35
Tabell 4.15 syner svarprosenten til kva planar elevane har for vidare utdanning.....	39
Tabell 4.16 syner svarprosenten på spørsmål om dei elevane som ynskjer å ta høgare utdanning vil starte på denne rett etter vidaregåande	39
Tabell 4.17 syner svarprosenten på spørsmål om kva nivå dei ynskjer å utdanne seg til	40
Tabell 4.18 syner svarprosenten for spørsmålet om kva fag elevane vil studere.....	40
Tabell 4.19 syner svarprosenten til elevane som ikkje har bestemt seg om kvifor dei er usikre på kva dei vil gjere etter vidaregåande.....	41
Tabell 4.20 syner svarprosenten på spørsmål om elevane tenkjer på å utdanne seg så dei kan få jobb i Sogn og Fjordane	41
Tabell 4.21 syner svarprosenten på spørsmål om kva respondentane meiner om å busette seg i Sogn og Fjordane	43
Tabell 4.22 syner svarprosenten på spørsmål om kva dei helst vil bu. Dette spørsmålet er berre stilt til elevane som ikkje vil bu i fylket, eller vil fyrst bu her etter nokre år	44

Samandrag

Ungdomsbarometeret er ei spørjeundersøking retta mot elevane i andre klasse yrkesførebuande og tredje klasse studieførebuande på dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane (avgangselevar). 559 elevar har svara på undersøkinga.

Resultata er presenterte med ei deling mellom allmenne fag og yrkesretta fag. Todelinga baserar seg på eit teoretisk resonnement om at ungdomsmiljøa i Sogn og Fjordane til ei viss grad er todelte, og at desse elevane vil svare noko ulikt. Resultata syner at det fleire stadar er ei slik todeling å spore. Særskilt mellom jentene på allmenne fag og gutane på yrkesretta fag. Dette gjenspeglar seg i at gutane på yrkesretta fag generelt er meir positive til Sogn og Fjordane. Dei ynskjer i større grad å jobbe og bu i fylket. Medan svara frå jentene på allmenne fag, og for så vidt også gutane, syner at dei er litt mindre positive til Sogn og Fjordane, og noko meir retta ut av fylket.

Det er også eit skilje mellom kjønna som syner seg i nokre av spørsmåla. Eksempel på dette er at gutane, og særskilt på allmenne fag, har det ein kan kalle ei meir offensiv haldning. Fleire oppgjev at motivasjonen for å starte bedrift er å tene pengar. Dei vil i større grad studere fagfelt innan økonomi, administrasjon, naturvitenskap og teknikk, og dei vil ta mastergrad. Dei trur i litt større grad at jobbane i Sogn og Fjordane er dårlegare betalt og mindre stressande, og fleire av desse vil ut i verda.

Jentene derimot set verdiar som å skape noko sjølv høgt når dei vil starte bedrift. Dei vil studere innan fagfelte helse, sosial, idrett, eller humanistiske og estetiske fag, og er litt meir usikre på kor lenge dei vil studere. Dei verdset også i høgare grad verdiar som å vere nære familien.

Mange av elevane svarar at dei kan tenkje seg å bu i Sogn og Fjordane, eller kanskje bu her om nokre år. På den andre sida syner statistikken frå 2003 at fylket hadde eit flyttetap på 415 personar i aldersgruppa 20-29 år. Om elevane i undersøkinga handlar på same måten som tidlegare generasjonar er det likevel grunn til å tru at mange vil flytte.

Årsaka til at ungdommane flytta kan forklaraast med to faktorar. Dei kan blir skyvd ut på grunn av mangel på naudsynte behov som arbeid og bustad, eller trekte ut ved at dei verdset andre stadar sine kvalitetar høgare. Det er grunn til å tru at begge faktorane spelar inn. Både at dei manglar relevant arbeid på heimstaden, og at dei ser på staden der ute som betre eigna til å gjennomføre sitt livsprosjekt. Kva faktor som er mest avgjerande vil kunne variere frå person til person.

Vi har i diskusjonen av resultata valt å legge vekt på dei krefte som trekkjer ungdommen ut av fylket. For å motverke dette trekket må ungdommane finne verdiane dei ynskjer i sitt tilvære også i Sogn og Fjordane. Desse verdiane er ikkje upåverkelege, men skapte av impulsar frå eigne opplevingar og andre sine meiningar.

Ungdommane svarar at familie og vene påverkar deira meiningar og haldningar mest. Vidare er lokalavisa og foreldre/andre vakse dei kjeldene som blir oftast brukt til å få informasjon om ting som skjer i fylket. Ut frå den kunnskapen om fylket resultata avdekkjer, syner det seg at ein viktig faktor er å gje ungdommane reell innsikt i både kva mogleheter og verdiar dei finn i Sogn og Fjordane. Å gje ungdommane ei slik innsikt handlar også om å skape

haldningar, og å bruke informasjonskanalar som treff ungdommane. Ved å auke denne innsikta kan ein iallfall motverke at ungdommane reiser frå Sogn og Fjordane i mangel på kunnskap om alternativet. Samstundes er det også viktig at dei ungdommane som allereie har valt å busette seg i fylket ikkje blir gløymde, men at desse får tilstrekkeleg ressursar til å utvikle seg sjølv og sine framtidsplanar.

Det er fyrste gongen ungdomsbarometeret er gjennomført i Sogn og Fjordane. Vi ser at det kan vere av nytte å gå nærmare inn i nokre av desse problemstillingane. Dette for å avdekke i kva grad ei kvantitativ analyse av denne typen gir fullstendige svar, eller om ein kvalitativ studie kan avdekke meir djuptgåande forståingar av kvifor ungdommen flyttar.

1. Innleiing

"Ungdommane flyttar ikkje frå Sogn og Fjordane -dei rømmer. Rømmer frå kjeisemda, frå eit underkompetent næringsliv, frå få fritidstilbod, og frå bygdedyret."

Dette er ein påstand. Statistikken stemmer og ungdommen forsvinn frå fylket. Samstundes set det eine tiltaket og oppropet etter det andre mål av seg til å få ungdommen attende, med blanda hell. Men veit vi kva ungdommen meiner om å bu i Sogn og Fjordane, og veit vi kvifor dei reiser? Er det som Elin (Alexandra Dahlström) seier når ho skal rømme i filmen Fucking Åmål¹: "Varför måste vi bo i fucking, jävla, kuk-Åmål"? Bur dei i "fucking Sogn og Fjordane", eller er fylket ein ganske bra stad å bu? Kva veit dei om moglegheitene i fylket, og kva tenkjer ungdomane om det å skape seg ei framtid med jobb eller eiga verksemd?

NRK sin radiokanal P3 gav nyleg Fjaler tredjepllassen i ei kåring av Noregs beste stad å vere ung². Kriteria dei valte etter er; jobb, skule, ungdomsstasing, liv og helse, og totalvurdering. Fjaler fekk fem av seks moglege stjerner på alle punkta, unntekje ungdomssatsinga som fekk fire stjerner. Fjaler fekk også fem stjerner i totalvurderinga, til liks med seks andre kommunar i Sogn og Fjordane. Totalt sett er Sogn og Fjordane eit av dei fylka som kom best ut. Dette er ei litt uhøgtideleg kåring, men likevel bygd på nokre statistiske storleikar. Den gjev også eit anna syn på Sogn og Fjordane enn starten på denne innleiinga. Spørsmålet er kva ungdommane sjølve meiner. Noko av dette skal vi prøve å finne litt meir utfyllande svar på i Ungdomsbarometeret for Sogn og Fjordane.

2. Spørjeundersøking

Elevane er gjennom skulen tilbydd å delta i ei spørjeundersøking på Internett. Denne gjeld alle elevane i tredje klasse på studieførebuande fag, og andre klasse yrkesførebuande fag (altså avgangselevar). Undersøkinga er gjennomført i skuletida og styrt gjennom utdanningskontoret hjå fylkeskommunen. Dette gjorde og at undersøkinga er laga ein del lengre og fyldigare enn kva tilfellet hadde vore om ungdommane skulle gjennomføre dette på fritida.

2.1 Oppbygging av spørjeundersøkinga

Spørjeundersøkinga er bygd opp med fire hovudtema. Desse er; etablering av bedrift, planar for jobb, framtida og livet. Vidare har undersøkinga to mål. Det eine er å samle kunnskap om kva ungdommar som står på terseklen til å gjere sine val tenkjer. Det andre er å nytte høvet til å informere ungdommane om fylket. Dette fordi dei er i ein aktiv posisjon når dei svarar på ei nettside, ein posisjon det er vanskeleg å oppnå i ein presentasjon gjennom andre medium. For å utnytte den aktive posisjonen er delar av informasjonen presentert i form av ein quiz. Ungdommane er stilte enkle og kanskje litt uventa spørsmål om ei verksemd eller ein påstand. På neste sida får dei responsen i form av ei kort historie om verksemda eller påstanden.

Utfordringa når ein skal fortelje noko på ei nettside av denne typen er at det krev tekst. Samstundes kan ein ikkje forvente at denne målgruppa vil lese så mykje tekst i ei slik

¹ Fucking Åmål (1998) var ein populær film som omhandla det å vere ungdom i eit lite lokalsamfunn i Sverige. Regi av Lucas Moodysson

² Sjå http://www.nrk.no/kanal/nrk_p3/dommen/

undersøking. Leitinga etter det rette svaret til quiz-spørsmålet er difor med på å motiverte dei til å lese noko av teksten i presentasjonane. Presentasjonane har ein journalistisk vri ved at det er nytta både bilet og sitat. Dei omhandlar ulike retningar innanfor næringslivet i fylket, og innan faktainformasjon om Sogn og Fjordane. Målsetnaden er at minst ein av desse reportasjane skal fengje lesaren, samt at dei skal henge litt i lause lufta. Altså at dei skal gje respondenten eit spelerom til å tenkje sjølv. Resultata frå desse historiene er presentert i vedlegg III.

Ei ulempe med å presentere historier som opplagt skal tale for fylket i ei spørjeundersøking er at svara ikkje blir uhilda. Det er difor stilt eit kontrollspørsmål etter fyrste historia for å sjå om elevane endrar svara sine etter dei har fått slik informasjon. Vidare er det ikkje stilt noko spørsmål etter historiene som rettar seg direkte mot kva presentasjonen sette lys på.

Det er kome tilbakemeldingar om at nokre lærarar som såg nettsida tykte ”spørsmåla var litt rare”. Dette er føremålet med historiene. Spørsmåla skal vere litt rare. Denne delen av undersøkinga skal fange respondenten si merksemd. Gjerne ved at dei tenker ”kva er dette for noko rart?”. Dei skal gje han/ho noko å tenkje over, og dei skal fungere som ei lita pause frå dei meir ordinære spørsmåla.

Den grafiske framstillinga er sett på som ein viktig faktor. Dette fordi ungdommane oftast er godt kjende med Internett som medium. Ved å presentere undersøkinga i ein layout som verka tiltalande er det såleis eit ynskje at målgruppa både skal kjenne seg att, og få eit positivt inntrykk av spørsmåla. Det er bygd fem ulike bakgrunnar. Ein for introduksjonen, og ein for kvart tema. I historiene er det nytta ulike bilet. Mellom anna av David Beckham og Penelope Cruz. Det er også laga ein flash plug-in i introduksjonen som er valfritt å trykkje på. Denne syner kva tema undersøkinga skal gjennomgå ved hjelp av ein animasjon og musikk. Vedlegg I syner utsnitt frå dei ulike bakgrunnane i undersøkinga.

2.1.1 Samarbeid med elevar

I utforminga av undersøkinga har til saman 11 elevar frå ulike linjer på Sogndal Vidaregåande skule delteke. Desse var involverte i utforminga av spørsmåla og svaralternativa, i utforminga av den grafiske framstillinga, samt som pilotar til testing av det ferdige produktet.

Det er nytta eit skjema utarbeidd av Vestlandsforsking i pilotundersøkinga. Dette er basert på kunnskap frå mellom anna prosjektet: Kvalitetsevaluering av offentleg vevtenester³. Prosedyren for brukartestinga er synt i vedlegg II.

2.2 Gjennomføring av spørjeundersøkinga

Utdanningskontoret hjå fylkeskommunen sende ut brev til alle vidaregåande skular i slutten av oktober. Dette inneholdt informasjon om at det vart ei undersøking, og ei oppmading om deltaking. Oppstartsbriefet vart sendt til alle dei vidaregåande skulane i veke 46. Dette inneholdt ytterlegare informasjon om undersøkinga, kva nettadresse dei skulle nytte, og ny oppmading om deltaking.

Undersøkinga starta mandag 15. november. Den var planlagt å gå i veke 47, men med opning til å utvide den til også å gå i veke 48 etter behov. Etter veke 47 var deltakinga lågare enn

³ Sjå <http://www.norge.no/kvalitet>

ynska, og det vart sendt ut e-post frå opplæringskontoret med ny oppmoding om å delta. På slutten av veke 48 var framleis deltakinga i minste laget. Arve Sandal i Sparebanken Sogn og Fjordane tok ei ringerunde til dei vidaregåande skulane for å motivere til deltaking. Undersøkinga avslutta onsdag 1. desember. Då hadde den vore opa i 13 virkedagar.

2.2.1 Teknisk oppbygging

Undersøkinga er bygd med teknologien Q-wiz. Denne er levert av RKIT as i Sogndal. Det er laga eit ark for kvart spørsmål med ulike svaralternativ (avkryssing) til alle spørsmåla. Det er altså ikkje opna for at respondenten kunne skrive inn tekst eller andre ytringar. Spørsmålet på kvar side må svarast på for å gå vidare til det neste. Respondenten får tilbakemelding direkte på arket dersom svaret ikkje var utfylt. Det er difor også gjeve nøytrale svaralternativ av typen "veit ikkje" og "kanskje". Respondenten står også heile tida fritt til å lukke nettsida og avslutte undersøkinga dersom dei ønsker det.

Nettsida låg opa på nettet, men var skjerma for søkjemotorar. Ein ville altså ikkje fått treff med ein søkermotor om ein sökte på eit ord i undersøkinga. Då alle elevane skulle ha tilgang på nettsida var det ikkje nytta noko form for verifikasjon i form av passord. Dette ville skapt vanskar å administrere. Nettsida var berre opa mellom klokka 08.00 og 16.00 (i skuletida). Det var difor ikkje mogeleg å få tilgang på spørjeundersøkinga om kvelden.

Det er kome tilbakemelding frå to skular om at det oppstod tekniske vanskar ved at nettsida lukka seg ned undervegs. Vestlandsforsking har gjennomført ei feilsøking i samarbeid med RKIT as for å finne kjelda til problemet. Det er avdekkja noko unormal aktivitet i loggen (event og web), samt at asp-tenesta har ein litt høg frekvens på restarting. Skulane sin nettilgang går gjennom brannmuren til fylkeskommunen, noko som gjer at alle elevane sit på same IP-adresse. Dette kombinert med at undersøkinga er opa gjorde det vanskeleg å spore dei tekniske vanskane til noko konkret i systemet.

3. Teoretisk bakgrunn

I denne delen skildrar vi samansetnaden av bakgrunnskjenneteina til elevane som har svara på undersøkinga. Vi tek også for oss ei vurdering av moglege ulikskapar mellom studierettingane, og på bakgrunn av dette korleis resultata blir framstilte.

3.1 Skildring av totalpopulasjon og respondentar

Undersøkinga gjekk ut til alle elvane i andre klasse på yrkesførebuande fag og tredje klasse på studieførebuande. Denne populasjonen har totalt 1946 elevar⁴, medan det er kome inn fullstendige svar frå 559 elevar. Om lag 29 prosent av elevane har såleis respondert på undersøkinga. I dette datamaterialet ligg det berre elevar som har fullført heile spørsmålsrekka. Det er ein større prosentdel som har starta på undersøkinga utan å fullføre. Desse svara er ikkje handsama. Årsaka er at undersøkinga låg på ei nettside. Det er såleis uvisst i kva grad elevane har starta, avslutta og starta att. Det syner seg at enkelte studierettingar har hatt høg frekvens på dei fyra spørsmåla. Det har også kome signal om nokre tekniske vanskar som synt ovanfor. Desse måtte starte på nytt for å kome gjennom undersøkinga. Vi veit difor at det har vore elevar som har starta undersøkinga fleire gongar

⁴ Tal frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune

før dei kom gjennom. I datamaterialet ligg det derimot også elevar som har avslutta av andre årsaker, og ikkje starta på att. Desse svara er truverdige, men altså ikkje mogelege å skilje frå dei svara som er omstarta av same eleven. Det vil difor vere ei feilkjelda å nytte svar på tidlege spørsmål frå respondentar som ikkje har fullført heile undersøkinga i ein kontinuerlig prosess.

Det er nytta to bakgrunnsvariablar i datasettet. Desse er kjønn og studieretning. I spørjeundersøkinga er studieretningane; Idrettsfag og musikk, dans og drama; mekaniske fag og kjemi og prosessfag; Media og kommunikasjon og sal og service slegne saman. Sistnemnte gruppa er splitta i analysen basert på studieåret til elevane. Det er berre elevar i tredjeklasse med studieretninga media og kommunikasjon og berre elevar i andre klasse for studieretninga sal og service. Talet elevar i totalpopulasjonen og for respondentane er synt i Tabell 3.1. Det gjerast merksamt at for enkelte studieretningar er det mellom 0 og 3 respondentar for eit kjønn. Datamaterialet er difor justert slik at tala nedanfor syner anten 0 eller 3 og fleire respondentar for alle studieretningane. Fordelinga mellom linjene stemmer såleis ikkje for alle studieretningane, men summen er korrekt.

Tabell 3.1 syner talet elevar for totalpopulasjonen og respondentane fordelt på studieretning og kjønn

Totalpopulasjon

Studieretning	Jente	Gut	Total
Allmenne fag/øk. og adm. fag	429	322	751
Idrettsfag/musikk, dans, drama	58	61	119
Media og kommunikasjon	19	12	31
Naturbruk	38	44	82
Helse- og sosialfag	174	10	184
Formgivingsfag	90	14	104
Hotell- og næringsmiddelfag	67	32	99
Byggfag/tekniske byggfag	8	131	139
Elektrofag	2	156	158
Mekaniske fag/kjemi og prosessfag	7	205	212
Trearbeidsfag	1	4	5
Sal og service	42	20	62
Sum	935	1011	1946

Kjelde: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Respondentar

Studieretning	Jente	Gut	Total
Allmenne fag/øk. og adm. fag	177	134	311
Idrettsfag/musikk, dans, drama	23	18	41
Media og kommunikasjon	5	3	8
Naturbruk	8	12	20
Helse- og sosialfag	27	3	30
Formgjevingsfag	23	3	26
Hotell og næringsmiddel	16	6	22
Byggfag/tekniske byggfag	0	20	20
Elektrofag	0	25	25
Mekaniske fag/kjemi og prosessfag	0	24	24
Trearbeidingsfag	0	3	3
Sal og service	24	5	29
Sum	303	256	559

Det er vidare gjort ein analyse av kor stor prosent av totalpopulasjonen som har respondert innanfor kvar av linjene. Denne er synt i Tabell 3.2. Tala må her sjåast i samanheng med Tabell 3.1 sidan nokre studieretningar har få elevar. Vi gjer merksam på at også desse tala er justert for studieretningar med mindre enn tre elevar. Frå denne fordelinga ser vi at totalt 32 prosent av jentene har svara, medan 25 prosent av gutane har svara. Vidare ser vi at det er rimelig lik fordeling mellom kjønna på allmenne fag. For dei andre studieretningane er det generelt lågare oppslutnad. Nokre av desse studieretningane har også svært ulik samansettning mellom kjønna.

Tabell 3.2 syner kor mange prosent av totalpopulasjonen som har respondert fordelt på studieretning og kjønn.

Studieretning	Jente	Gut
Allmenne fag/øk. og adm. fag	41	42
Idrettsfag/musikk, dans, drama	40	30
Media og kommunikasjon	26	25
Naturbruk	21	27
Helse- og sosialfag	16	30
Formgivingsfag	26	21
Hotell- og næringsmiddelfag	24	19
Byggfag/tekniske byggfag	0	15
Elektrofag	0	16
Mekaniske fag/kjemi og prosessfag	0	12
Trearbeidsfag	0	75
Sal og service	57	25
Total	32	25

3.2 Samanslåing av studieretningar

Samla sett syner det seg at respondentane sin samansettning er noko skeiv i høve til totalpopulasjonen. Det er fleire elevar på allmenne fag/økonomi og administrasjonsfag enn på dei andre faga. Vidare er det for enkelte studieretningar ei skeivfordeling innan kjønna. Det er frå dette valt å gjere ei todeling av respondent-populasjonen. Denne er difor sett saman av ein del med typiske studieførebuande fag og ein del med typiske yrkesførebuande fag. Inndelinga er basert på ei vurdering ut frå Tabell 3.3.

Tabell 3.3 syner fordelinga av elevar mellom studieretningar og årstrinn (VKI og VKII) i totalpopulasjonen

Studieretning	VK I	VK II	Total
Allmenne fag/øk. og adm. fag	19	732	751
Byggfag	112		112
Elektrofag	119	39	158
Formgivingsfag	82	22	104
Hotell- og næringsmiddelfag	99		99
Helse- og sosialfag	153	31	184
Idrettsfag		88	88
Kjemi- og prosessfag	10		10
Musikk, dans og drama		31	31
Mekaniske fag	152	50	202
Medier og kommunikasjon		31	31
Naturbruk	29	53	82
Salg og service	62		62
Tekniske byggfag	22	5	27
Trearbetsfag	5		5
Total	864	1082	1946

Kjelde: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Det er 19 elevar på Allmenne fag/øk. og adm. fag som går på VKI. Datamaterialet frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune syner at dette er elevar på IKT driftsfag. Det er vanskeleg å selektere ut desse. Heile studieretninga Allmenne fag/Øk. og adm. fag er difor saman med Idrettsfag, Musikk, dans og drama og Media og kommunikasjon samanslegne til ei gruppe. Bortsett frå elevane på IKT driftsfag er alle elevane i denne gruppa i klassetrinnet VK II – studieførebuande. Den andre gruppa omfattar dei andre studieretningane, og har difor i hovudsak elevar som går på VK I –yrkesførebuande. Gruppa innehold likevel nokre elevar som går studieførebuande år (VK II). Vi minnar om at spørjeundersøkinga er retta mot elevar som går siste året på yrkesførebuande (VK I), eller siste året på studieførebuande (VK II).

Etter samanslåinga sit vi att med to grupper respondentar som vi kallar *allmenne fag* og *yrkesretta fag*. Desse orda er litt misvisande då det kan setjast spørsmål ved om Media og kommunikasjon er meir allmennfag enn eksempelvis Hotell og næringsmiddelfag. Vurderinga går altså på at Media og kommunikasjon er eit treårig studie kor det ikkje krev påbygging for å få generell studiekompetanse, medan Hotell og næringsmiddelfag krev dette. Tabell 3.4 syner kva studieretningar som går inn i dei to gruppene.

Tabell 3.4 syner grupperinga av ulike studieretningar i dei to gruppene; allmenne fag og yrkesretta fag.

Studieretning	Samanslege
Allmenne fag/øk. og adm. fag	
Idrettsfag/musikk, dans, drama	<i>Allmenne fag</i>
Media og kommunikasjon	
Naturbruk	
Helse- og sosialfag	
Formgjevingsfag	
Hotell og næringsmiddel	
Byggfag/tekniske byggfag	<i>Yrkesretta fag</i>
Elektrofag	
Mekaniske fag/kjemi og prosessfag	
Trearbiedingsfag	
Sal og service	

Grunnlaget for delinga baserar seg på to vurderingar. Den eine vurderinga er at det ikkje syner seg nokon grunn til å tru at skeivfordelinga innan yrkesfaga er systematisk. Med dette meiner vi at det ikkje er grunn til å tru at fleire respondentar ville endra utfallet vesentleg fordi nokre har valt å ikkje delta. Tilfeldigheita reknar vi såleis ligg i kor godt rektorane, og deretter lærarane har følgt opp førespurnaden om å delta. Det er liten grunn til å tru at nokon særskilte grupper bevisst har valt å ikkje ytre sine meininger i undersøkinga.

Den andre faktoren i vurderinga baserar seg på eit teoretisk resonnement om at dei elevane som går på allmenne fag vil svare annleis enn dei elevane som går på yrkesretta fag. Dette byggjer på forsking som er gjort mellom anna av Gunnar Jørgensen (Høgskulen i Sogn og Fjordane) rundt strukturen i ungdomsmiljøa. Då denne delen er vesentleg også i analysen av resultata, tek vi her med ein tekst som skildrar dette. Utklippet er henta frå eit notat Vestlandsforsking skreiv på oppdrag frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune i 2004. Notatet heiter: *Distriktpolitikk og Utvikling i Sogn og Fjordane -To innleiingar, ti tesar og ein epilog om utvikling og framtid i eit distriktsfylke*. Forfattaren er Karl Georg Høyen. Vi går inn i åttande tese:

Åttande tese :Tesen om dei todelte ungdomsmiljøa og vilkåra for mangesysleri og varig busetnad

Amanuensis/Forskar Gunnar Jørgensen ved Høgskulen i Sogndal – tidlegare Vestlandsforsking – har gjennom meir enn ti år gjennomført djupnestudiar av ungdomsmiljø i bygdebyane. Det er studiar som byggjer på individuelle intervju med ungdommar. Dei første studiane vart gjort i Sogndal, men er seinare utvida med tilsvarande data frå bygdebyar i andre delar av landet, m.a. på Nord-Vestlandet. I ekskursen nedanfor er det ein gjennomgang av ein del av forskinga på feltet.

Med grunnlag i intervjuet i Sogndal vert det framheva ei sterkt deling av ungdomsmiljøa. I sin karakteristikk av dei to gruppene nyttar Jørgensen typologien ”*Geniane*” og ”*Slaurane*”, i første rekke som uttrykk for korleis dei ser på kvarandre. Ved seinare høve har han nyttat typologien ”*Dei teoretisk flinke*” og ”*Dei praktisk flinke*”, som uttrykk for at dei representerer to ulike former for kunnskap.

Med inspirasjon frå sosiologen Zygmunt Bauman knyttar vi dette saman med typologien ”*Dei globale*” og ”*Dei lokale*”, som uttrykk for korleis dei to ungdomsgruppene skil seg i innrettinga mot sine framtidige liv⁵. Det er rimeleg å tolke Bauman slik at han har mest tiltru til *dei lokale*; det er dei ein i første rekke kan byggje og vedlikehalde samfunn kring, noko som nett krev den stabiliteten berre dei lokale kan gje. Bauman ser òg ut til å meine at dei lokale vil ha betre føresetnader for å greie seg over tid. Dei er innstilte på å bli verande og klore seg fast så godt dei kan, og innrettar sine lokalt tilknytte utdannings- og arbeidsvegar – og sine liv - i samsvar med det.

På den andre sida er *dei globale* i stor grad innstilte på å flytte, og innrettar sine nasjonalt/globalt tilknytte utdannings- og arbeidsvegar i samsvar med det. Dei er innstilte på fleire og meir vidtrekkande forflyttingar i dei store geografiske romma. Historisk har denne ungdomsgruppa aldri vore så global som no. Sjølv ikkje mellomstore norske byar er utan vidare attraktive nok som stader å flytte attende til. Det minner forfattaren om ei samtale han hadde med ein svensk – kvinneleg – forskarkollega, – ein av dei globale, og mykje yngre enn denne forfattaren. Ho ville flytte vidare i verda, og i alle høve til noko meir globalt enn det ho omtalte som *småbyen Göteborg*. Som vi veit er Göteborg mest så stor som Oslo. Mykje tyder på at dei globale i forhold til tidlegare er mindre å lite på som potensielle tilbakeflyttarar. Dei vil nok framleis vere der, men altså mindre å lite på.

Det understrekar at det i entreprenørskapspolitikken her i fylket kan vere grunn til å rette meir merksemd enn før mot det som kan utviklast med grunnlag i *dei lokale*. Dei er i første rekke *praktisk flinke*, noko som neppe gjev det beste grunnlaget for kunnskapsintensiv verksemd. Men dei er ofte praktisk flinke på fleire område, dei kan rett og slett mange ting. Nokre få kombinerer det med å ta kortare studiar ved den regionale høgskulen. For gutane er det økonomi-administrasjon og IT-fag, og for jentene kan profesjonsstudiar som sjukepleiarar, sosionom og vernepleiarar fylle same funksjonen. Det er i seg sjølv ei grunngjeving for å halde ein stor breidd av slike studiar ved dei regionale høgskulane, og kunne sjå dette som eit viktig element i distriktpolitikken. Dei lokale har såleis gjerne fleire bein å stå på, og dei inngår i stor grad i kollektive strukturar prega av mangesysleri. Slik sett står dei på mange vis tryggare enn dei globale. Utviklingsgrunnlaget for nye verksemder ligg i første rekke i desse kollektive strukturane, og i mindre grad med utgangspunkt i dei eineståande etablerarane. Investeringssstøtte til fellestiltak mellom grupper av ungdom er ein måte å tenkje på.

I denne samanhengen er det viktig å vere klår over at dei lokale er prega av eit negativt forhold til skulen. Det kan vere eit forhold som er viktig m.a. når det gjeld satsinga på det sokalla ”entreprenørskap i skulen”. Medan dei *globale* har sin tryggleik – og tillit - i skulen og i det organiserte fritidslivet, som t.d. fotball, er det ikkje tilfelle for dei lokale. Deira tryggleik er knytt til eigen-organiserte aktivitetar og veksemeld, og til deira deltaking i det kollektive mangesysleriet.

⁵ Vi viser til dei tre bøkene av Bauman som er referert i ein note ovanfor. Men det er her òg gjort viktige arbeid av den engelske sosiologen John Urry. Sjå særleg Urry, J. (2000): *Sociology Beyond Societies. Mobilities for the twenty-first century*. London: Routledge.

Den todelte typologien – dei globale og dei lokale – eignar seg til å få fram nokre viktige hovedtrekk i utviklinga. Men det er mange nyansar som då forsvinn. Det er sjølv sagt fleire som er i mellomgrupper. Viktig er ei gruppe lokalt orienterte med høgre utdanning. Dei er sikrare som potensielle tilbakeflyttarar. Men det er grunn til å tru at det viktigaste grunnlaget her ligg i tilbodet av arbeidsplassar i offentleg sektor, statleg og kommunal. Andre stader i notatet er det såleis understreka kor viktige slike arbeidsplassar er for utviklinga i eit distriktsfylke som Sogn og Fjordane.

Ekskurs VIII – Bygdeungdom – dei lokale og dei globale

I innleiinga til boka *Ungdom – I spenninga mellom det lokale og det globale* skriv redaktørane at ei framstilling av motsetnader mellom ulike miljø er felles for ei rekke studiar av ungdomskulturar i mindre lokalsamfunn⁶. Dei viser til Gunnar Jørgensen som skildrar konfliktane mellom *slaur* og *geni* i Sogndal. Med grunnlag i ein annan studie i Brumunddal er det brukt eit skilje mellom *bøger* og *soss*. Frå Rena skildrar ein tredje forskar spenninga mellom *skatarar* og *skinntryta* (ein motorisert ungdomsgjeng). I tilsvarande studiar frå Sverige er det brukt eit skilje mellom *byfräsare* og *lantlollar*. Det er ikkje omgrep som forskarane har funne på, men karakteristikkar som dei todelte ungdomsmiljøa nyttar på kvarandre. Motsetnadene ser ut til å følgje sosiale skiljelinjer. Det er to ytterpunkt. På den eine sida ei innflytta middelklasse og på den andre grupper med meir tradisjonelle bygdeverdiar knytte til lokalt forankra industri og primærnæring. Samstundes understrekar redaktørane at det alltid vil vere store lokale variasjonar og grupper som er i mellomposisjonar. Mellom anna vil det fleire stader vere ei større middelklasse med røter i bygdesamfunnet.

Både *geni*, *sossar* og *skatarar* er i stor grad ungdom som førebud seg til eit vaksenliv utanfor heimstaden. Utdanning – skulen – har særstak stor betydning i deira førebuing til det livet dei er innstilte på å leve andre stader. *Slaurar*, *bøger* og *skinntryta* er derimot gjerne innstilte på å busetje seg på heimstaden. Dei førebud seg til ei heilt anna form for vaksenliv. Utdanning – og skule – har lita betydning, og dei legg i særleg grad lite vekt på å skaffe seg høgre utdanning. Redaktørane peikar på at slike ungdomsgrupper med sterkt lokal forankring ikkje treng vere marginaliserte eller lite tilpassa. Dei kan tvert om vere særleg godt førebudde til eit vaksen liv i deira eigne lokalsamfunn.

Med grunnlag i sine intervju og studiar frå Sogndal understrekar Gunnar Jørgensen at ein mellom *Slaurane* finn lokalpatriotane som aldri kan tenkje seg å flytte frå bygdebyen⁷. Dei tek avstand frå den moderne urbane ungdomskulturen slik han kjem til uttrykk mellom studentane og tilreisande byungdom. Dei er kritiske til byen – det urbane - som vert karakterisert som fårleg, støyande, forureina og full av merkelege folk som pønkarar og skinheads. *Geniane* er derimot sterkt kritiske til bygdebyen som ramme for sine livsprosjekt. Dei ”tronge” kulturelle rammene som Slaurane bidreg til å skape vert oppfatta som einsretta. Deira deltaking i organiserte aktivitetar, middelklassa sine ferievaner og slekts- og venskapssamband med urbane miljø, fører med seg ei monaleg reiseverksemd. Geniane er

⁶ Sjå innleiinga til Heggen, K., J.O. Myklebust og T. Øia (red. 2001): *Ungdom – I spenninga mellom det lokale og det globale*. Oslo: Samlaget (s. 14 – 15).

⁷ Sjå Jørgensen, G. (1994): To Ungdomskulturer. Om vedlikehold av sosiale og kulturelle ulikheter i Bygdeby. VF-rapport 1/94. Sogndal: Vestlandsforsking.

stendig i kontakt med ungdom andre stader i landet, og dei er førtrulege med ein organisasjonskultur som er nasjonal og internasjonal snarare enn lokal.

Interessant i Jørgensen sine studiar er ikkje berre den klåre skilnaden ein finn mellom dei to gruppene i tilhøvet til utdanning og skule meir ålement, men òg i tilhøvet til det *organiserte fritidslivet* for ungdommen. Det organiserte fritidslivet – det som dominerer det ”positive” samfunnsbiletet - høyrer til Geniane. Samstundes er dette aktivitetar som slaurane tek avstand frå. Det gjeld også idrett, og jamvel fotballen. Fotballfolket høyrer i følgje Slaurane til dei andre, til Geniane. Dette vert stadfesta i ein seinare studie som Jørgensen har gjennomført i ein bygdeby på Nord-Vestlandet⁸. Denne bygdebyen – ”Vågen” – har eit fotball-lag i første divisjon. Det er ei sterk markering av ungdommen i to grupper; *Sportsfolk* og *Gildere* på den eine sida og *Rampen* på den andre. Sportsfolka er i stor grad knytt til fotballen. Gildere er Rampen sitt omgrep for dei som deltek i det lokale Ten-Sing koret, ein viktig organisert fritidsaktivitet i denne bygdebyen. Sams for Sportsfolk og Gildere er at dei identifiserer seg med skule og utdanning; dei er skuleflinke. Rampen på den andre sida markerer sterkt avstand både til skulen og til vidare utdanning.

Frå denne teksten ser vi at det teoretiske resonnementet syner at det er ei todeling som også gjer at presentasjonen av datamaterialet bør vere todelt. Tabell 3.5 syner korleis talet elevar fordeler seg mellom dei to kategoriane; allmenne fag og yrkesretta fag etter samanslåinga.

Tabell 3.5 syner fordelinga mellom allmenne fag og yrkesfag etter samanslåinga

Totalpopulasjonen

Studieretning	Jente	Gut	Total
Allmenne fag	506	395	901
Yrkesretta fag	429	616	1045
Sum	935	1011	1946

Bearbeida data frå Sogn og Fjordane
Fylkeskommune

Respondentar

Studieretning	Jente	Gut	Total
Allmenne fag	205	155	360
Yrkesretta fag	98	101	199
Sum	303	256	559

Tabell 3.6 under syner på same måten som Tabell 3.2 kor mange prosent av totalpopulasjonen som har respondert, men her innanfor dei to kategoriane; allmenne fag og yrkesretta fag. Ein ser at for allmenne fag er fordelinga mellom kjønna ganske bra, og den har ein samla prosent

⁸ Sjå Gunnar Jørgensen sine bidrag i : Heggen, K., G. Jørgensen og G. Paulgård (2003): *De Andre. Ungdom, risikosoner og marginalisering*. Oslo: Fagbokforlaget (kap. 8, kap. 10 og kap. 4). Dessutan han sine bidrag i: Heggen, K., A.R. Djupvik og G. Jørgensen (2003): *Velferdsstatens ungdomsroller. Statleg definerte – lokalt konstruerte*. Forskningsrapport nr. 53. Volda: Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda.

på rundt 40. For dei yrkesretta faga er det noko høgre del jenter enn gutter som har svara. Dette skuldast at i studieretningane med stor skeivfordeling mellom kjønna er det ein overvekt av typiske ”jente-fag” som har svara, medan for dei typiske ”gute-faga” er det lågare oppslutnad.

Ein samla oppslutnad på 23 og 16 prosent for høvesvis jenter og gutter på yrkesretta fag er i minste laget. Derimot må ein sjå dette i samanheng med det faktiske talet responsar. Frå Tabell 3.5 ser ein at dette er 98 jenter og 101 gutter. Når totalpopulasjonen er todelt som no, vil respondent-populasjonen gjenspegle betre den faktiske populasjonen. Dette gjer også at dei to gruppene kvar for seg skal kunne gje eit akseptabelt bilet av elevane sine meiningar. *Lesaren må likevel, og særskilt for den yrkesretta delen, ha talet respondentar i mente når han/ho les resultata.*

Tabell 3.6 syner kor mange prosent av totalpopulasjonen som har respondert fordelt på dei to kategoriane og kjønn.

Studieretning	Jente	Gut
Allmenne fag	41	39
Yrkesretta fag	23	16
Sum	32	25

Då dette er fyrste gongen ungdomsbarometeret blir gjennomført håpar vi at ved eventuelle seinare gjennomføringer kan dette gå seg betre til, og gje ein høgare deltaking frå skulane.

4. Resultat

Resultata er presenterte i form av trivariate tabellar. Bakgrunnsvariabelen studieretning er delt på kjønn i kvar kolonne. I radene står svaralternativa til dei ulike spørsmåla. Tabellane syner prosent innanfor kolonnen. Prosenttala er avrunda til nærmeste heile tal. Dette gjer at det kan oppstå kolonne kor summen ikkje er nøyaktig 100 prosent. Dette for å avgrense bruken av desimalar.

Det er også nytta stolpediagram i presentasjonen. Desse syner bakgrunnsvariablane på x-aksen og prosentfordelinga på y-aksen. Svaralternativ er presentert i ulike fargar som også er kronologisk framstilt i eiga forklaring til kvar figur.

Alle svara er presenterte. Det er difor ikkje gjort noko vurderingar av korleis spørsmåla er forstått, eller om nokre spørsmål har useriøse svar. Heller ikkje er svar basert å få respondentar utelatne. Det er nokre logiske rekjer i spørsmålstillingane der oppfølgingsspørsmål avhenga av tidlegare svar. I denne tilfella er talet respondentar oppgjeve. Elles består svara av fordelinga synt i kapittel 3.1.

Resultata i faktiske tal til alle spørsmåla er oppstilt i tabellform i vedlegg IV. Denne fungerar også som ein oversikt over spørjeskjemaet.

4.1 Tema: Etablering av bedrifter

Fyrste temaet i undersøkinga omhandlar etablering av bedrifter. Elevane er fyrst spurde om dei har vore med på elev- eller ungdomsbedrift. Resultata i Tabell 4.1 syner at 19 prosent av både gutane og jentene på allmenne fag har vore med på elev- eller ungdomsbedrift. Medan for yrkesretta fag har halvparten av jentene, og 27 prosent av gutane vore med på slike bedrifter.

Tabell 4.1 syner svarprosenten på spørsmål respondenten har vore med i elev- eller ungdomsbedrift

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	19%	19%	50%	27%
Nei	81%	81%	50%	73%

Deretter er elevane spurde om kunne tenkje seg å etablere eiga bedrift. Tabell 4.2 viser at for allmenne fag er det ein høgare prosentdel gutter enn jenter som er positive til dette. Yrkesfag derimot er likestilte mellom kjønna. Generelt er det jentene på allmenne fag som har størst del som svarar nei på spørsmålet. Vidare er dei også den største delen som er svarar kanskje. Det er også få som svarar at dei ikkje kunne tenkje seg å starte ei bedrift.

Tabell 4.2 syner svarprosenten på spørsmål om respondenten kunne tenkje seg å starte eiga bedrift.

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	25%	45%	37%	37%
Nei	18%	11%	8%	15%
Kanskje	58%	44%	55%	49%

Elev- og ungdomsbedrifter er i fyrste rekkje eit haldningsskapande verkemiddel. Det er altså ikkje målsetnaden at verksemndene elevane startar skal drivast som eit føretak også i framtida. Elevane skal gjennom verksemndene få kunnskap og motivasjon knytt til det å starte bedrifter, for med det å bli meir innstilte på å starte eigne bedrifter seinare. Ein relevant seleksjon er difor å sjå om deltaking på elevbedrift gjev meir positive svar på spørsmålet om å starte eiga bedrift. Tabell 4.3 syner svarprosenten på spørsmålet om å starte si eiga bedrift for dei elevane som også svarte at dei har vore med på elev- eller ungdomsbedrift. Det mest iaugefallande er at på allmenne fag er nei-svara gått over til kanskje for jentene, og ja for gutane i høve til der alle er spurde. For yrkesretta fag er endringane mindre. Jentene på yrkesretta fag har ein litt høgre del ja-svar, men desse har ei stor deltaking i utgangspunktet. Gutane er uforandra.


Vi gjer merksam på at det totalt berre er 144 elevar som har svara at dei har vore med på elev- eller ungdomsbedrift. Fordelt i tabellen gjev dette difor få svar pr. rute. Når alle elevane er sett samla syner det seg derimot at for dei som har vore med på elev- eller ungdomsbedrift, svarar 41 prosent at dei kunne tenkje seg å starte bedrift. Medan for dei som ikkje har vore med på elev- eller ungdomsbedrift, svarar 32 prosent dette.

Tabell 4.3 syner svarprosenten på spørsmål om respondenten kunne tenkje seg å starte bedrift når same respondent også har svart at han/ho har vore med på elev- eller ungdomsbedrift

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	28%	62%	43%	37%
Nei	5%	3%	6%	15%
Kanskje	67%	34%	51%	48%


n = 144

Grunngjevinga for å starte bedrift er synt i Figur 4.1. Dette spørsmålet er berre stilt til dei som vil starte bedrift. Flest av jentene ser ut til å setje det å skape noko sjølv som den viktigaste årsaka til å starte bedrift. For gutane, og særskilt på allmenne fag, er ynskje om å tene mykje pengar ein avgjerande faktor. Denne set derimot jentene på allmenne fag lågt.




Figur 4.1 syner svarprosenten på ulike grunnar til at elevane ynskjer å starte bedrift

Dei som svarte ja eller kanskje på spørsmålet om å starte bedrift, er også spurde om dei vil bedrifta skal ligge i Sogn og Fjordane. Figur 4.2 syner at dei fleste har svart -veit ikkje- på dette spørsmålet. Unnataket er gutar på yrkesretta fag der nærare halvparten svarar at dei vil starte bedrifta i Sogn og Fjordane.




Figur 4.2 syner kva respondentane som ville, eller kanskje ville, starte bedrift svarte til spørsmålet om bedriften skulle ligge i Sogn og Fjordane

Det er også gjort ei spørjing av kva elevane meiner om verksemder dei kjenner i fylket. Dette spørsmålet var det ynskje om skulle gjelde generelt, for såleis å gje ei måling på kva elevane meiner om næringslivet i fylket. Det syntet seg i utviklinga av spørsmåla saman med elevane at det var vanskeleg å formulere dette slik at ein faktisk fekk ei generell vurdering. Dei fleste knytte dette opp mot dei verksemdene dei kjente. Spørsmålet er difor formulert til ei konkret verksemde elevane kjenner, og som dei har ei form for tilknyting til gjennom eksempelvis sumarjobb. Elevane er gitt to skalaar som kvar har fem svaralternativ. Skalaane går mellom kjedeleg og spanande, og mellom tradisjonell og framtidsretta. Figur 4.3 og Figur 4.4 syner resultata på dei to spørsmåla høvesvis. Vurderingsskalaer gir ofte svar rundt midten. Såleis vil det også vere grunn til å setje lit til også mindre avvik frå midten. Resultatet i dei to figurane gjev i fyrste rekke utslag for gutane på yrkesretta fag. Desse har ei overvekt mot at verksemdene er spanande. For skalaen mellom tradisjonell og framtidsretta er det mindre utslag.



Figur 4.3 syner kva elevane meiner om ei bedrift dei kjenner i fylket. Skalaen går frå kjedeleg til spennande



Figur 4.4 syner kva elevane meiner om ei bedrift dei kjenner i fylket. Skalaen går frå tradisjonell til framtidsretta

Dei to biletene under er synte til elevane. Desse var inngangen til informasjon om konfeksjonsverksemda Moods of Norway i Stryn. Elevane er spurde om dei trur plagga er laga av ei bedrift i Sogn og Fjordane. Om lag 65 prosent svarte ja. Deretter er det gjeve ei skildring av Moods of Norway. Denne legg mellom anna vekt på at dei har levert kle til fleire internasjonale kjendisar, som Robbie Williams og Penelope Cruz.



Elevane er spurde eit kontrollspørsmål om dei kunne tenkje seg å starte ei slik verksemd. Resultata er i Tabell 4.4. Når ein ser denne saman med Tabell 4.2 på side 21 som omhandla om dei kunne tenkje seg å starte eiga verksemd, syner det seg at på spørsmålet knytt til Moods og Norway svarar fleire jentene dei kunne tenkje seg å starte ei slik verksemd. Medan for gutane er resultatet færre.

Spørsmålet i starten (Tabell 4.2) er ikkje påverka av noko informasjon. Det er difor svara på utan enn respondentane fekk innspel om verksemder. Såleis er det fyrste spørsmålet av den tradisjonelle arten, og bør setjast lit til. Derimot syner dette også at respondentane ikkje er konsekvente i kva dei svarar. Historia om Moods of Norway har truleg fengt jentene meir enn gutane. Dei har lete seg påverke av teksten og bileta. Såleis ser ein at spørsmålet om elevane vil starte eigne verksemder let seg påverke både av deltaking i elev- eller ungdomsbedrifter, og om dei får kunnskap om ulike verksemder som synleggjer moglegheiter.

Historiene i undersøkinga har til føremål å informere elevane (som omtala i Kapittel 2.1). Ulempa med dette er som tidlegare forklart, og synt i eksemplet ovanfor, at svara kan bli påverka av informasjonen. For å motverke dette er det ikkje stilt direkte spørsmål til historiene utover kontrollspørsmålet ovanfor. Ein bør likevel vere merksam på dette vidare i undersøkinga.

Tabell 4.4 syner svarprosenten på spørsmål om respondenten kunne tenkje seg å starte ei slik verksemd som Moods of Norway.

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	43%	39%	45%	23%
Nei	21%	49%	29%	67%
Nei, men eg kunne godt tenkt med å jobbe i ei slik bedrift	35%	12%	27%	10%


Elevane er også spurde om kor mange verksemder som blir starta opp i Sogn og Fjordane kvart år. Her er det flest svar på alternativa 50 og 100 for alle gruppene. Det riktige svaret er om lag 500 verksemder. Yrkesretta fag har ein noko høgre del rette svar her enn allmenne fag.

4.1.1 Deloppsummering for temaet etablering av bedrift


Resultata frå temaet etablering av bedrift syner at tidlegare deltaking i elev- eller ungdomsbedrifter gjev totalt om lag 10 prosent fleire som svara at dei kunne tenkje seg å etablere eiga verksemd. Det syner seg også at jentene på allmenne fag er dei mest utsikre på dette spørsmålet. Grunngjevinga for å starte bedrift syner at for gutane (og særskilt på allmenne fag) er pengar ein høgre motivasjon enn for jentene. Jentene set det å skape noko sjølv som den viktigaste årsaka til å starte bedrifter. Gutane på yrkesretta fag svarar i større grad enn dei andre at dei vil bedrifta skal ligge i Sogn og Fjordane. Denne gruppa er det også som ser på bedriftene i fylket som mest spennande og framtidssikre.

4.2 Tema: Jobb

Neste tema i undersøkinga er val av jobb. Her startar inngangsspørsmålet med ei rangering etter same type skala som omtala ovanfor. Spørsmålet er kva elevane meiner om jobbane i fylket generelt sett. Her er det altså ikkje spurd om ein konkret jobb dei kjenner, men generelt. Dei to skalaene går frå kjedelege til spennande og frå tradisjonelle til morosame. Figur 4.5 syner fyrste skalaen, medan Figur 4.6 syner den neste. Også her er det i hovudsak alternativet i midten som er kryssa av. Dette er som forklart ovanfor eit naturleg resultat i slike skalaspørsmål. For Figur 4.6 er det derimot ei lita overvekt mot at jobbane blir oppfatta som tradisjonelle. Dette gjeld særskilt elevane på allmenne fag.




Figur 4.5 syner kva elevane meiner om jobbane i fylket. Skalaen går frå kjedelege til spennande



Figur 4.6 syner kva elevane meiner om jobbane i fylket. Skalaen går fra tradisjonelle til moderne

For å kartlegge kva elevane eigentleg veit om jobbane i Sogn og Fjordane er dei bedne om å krysse av på ei liste over kva dei trur er dei tre største bransjene i fylket. Inndeling er sett opp etter næringshovudgruppene i NACE⁹. For ikke å gjere lista for lang, er nokre grupper slegne saman. Det er også gjeve konkrete eksempel på jobbar som passar med dei ulike kategoriane. Figur 4.7 syner at jordbruk, skogbruk og fiske er den bransjen kor flest har kryssa av. Deretter fordelar bransjane seg i to grupper. Ei gruppe som har mellom 10 og 15 prosent av svara, og ei gruppe som har under fem prosent. Til orientering er offentleg forvalting og anna tenesteyting den desidert største bransjen med over 35 prosent av dei sysselsette. Jordbruk, skogbruk og fiske er fjerde størst og har i underkant av 10 prosent av dei sysselsette.

⁹ NACE (Nomenclature générale des Activités économiques dans les Communautés Européennes) er EU sin standard for næringsgruppering som mellom anna Statistisk Sentralbyrå nyttar.



Figur 4.7 syner kva bransjar respondentane meiner det er mest av i Sogn og Fjordane. Dei kryssa av på det dei trur er dei tre største bransjane


Neste spørsmålet går på i kva bransje respondentane kunne tenke seg å jobbe eller starte verksemnd. Dette resultatet er presentert i tabellform. Tabell 4.5 syner at for jentene på både allmenne fag og på yrkesretta fag, er dei to bransjane; varehandel, hotell og restaurantverksemnd; offentleg forvaltning og anna tenesteyting dei to mest valte. Gutane sine

val er mindre eintydige, og det er ikkje nokon bransje som utpeikar seg i den grad som hjå jentene.

Tabell 4.5 syner svarprosenten på spørsmål om i kva bransje respondentane kunne tenkje seg å jobbe eller starte verksemd


	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Jordbruk, skogbruk og fiske	1%	3%	12%	11%
Utvinning av råolje og naturgass	3%	9%	0%	10%
Industriproduksjon og bergverksdrift	8%	8%	5%	13%
Kraft og vassforsyning	0%	3%	0%	9%
Bygge- og anleggsverksemd	0%	5%	1%	20%
Varehandel, hotell og restaurantverksemd	32%	16%	52%	12%
Transport og kommunikasjon	4%	10%	6%	9%
Finansiell tenesteyting	4%	11%	2%	3%
Forretningsmessig tenesteyting	15%	17%	0%	4%
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	32%	18%	21%	10%

Respondentane er vidare spurde om dei kunne tenkje seg å jobbe i Sogn og Fjordane. På dette svarar 25 prosent av jentene på allmenne fag at dei vil prøve å få seg jobb i fylket, medan 46 prosent svarar at dei kanskje vil dette om nokre år. Berre fem prosent av denne gruppa svarar at dei aldri kunne tenkje seg å jobbe i Sogn og Fjordane. Det andre ytterpunktet i svarmønsteret på dette spørsmålet er gutter på yrkesretta fag. Her svarar heile 61 prosent at dei vil prøve å få seg jobb i fylket. Dei synest også at gutane generelt er noko meir bestemte på kva dei vil sidan færre har nytta veit ikkje-alternativet. Resultata er synt i Figur 4.8.



Figur 4.8 syner svarprosenten på spørsmål om dei vil få seg jobb her i fylket.

Figur 4.9 syner kva respondentane meiner er viktigaste med ein jobb. Her fekk dei setje opp til tre kryss. Dette for å opne for fleire val, samstundes som dei ikkje skulle måtte ta standpunkt til alternativ dei ikkje meinte var passande for deira meiningar. Dei fleste har likevel kryssa på tre alternativ. Figuren syner at det er dei fem alternativa; spanande utfordringar, høg løn, gode medarbeidrarar, godt sosialt miljø og å gjere noko eg er flink til, som er viktigaste for alle gruppene. Av desse er spanande utfordringar alternativet dei fleste set høgast (unntake gutar på allmenne fag). Vidare verdset gutane høg løn meir enn jentene, som også var gjennomgåande i årsaker til å starte eiga verksemd (sjå Figur 4.1). Jentene på den andre sida verdset godt sosialt miljø noko meir enn gutane.



Figur 4.9 syner kva respondentane meiner er viktigast med ein jobb. Dei fekk krysse på maks tre alternativ.

Dei tre tabellane under (Tabell 4.6, Tabell 4.7 og Tabell 4.8) syner kva elevane meiner om jobbane i Sogn og Fjordane i høve til eksempelvis Oslo og Bergen. Ein ser at det er fleire som trur jobbane er dårligare betalt i Sogn og Fjordane. Vidare meiner jentene på allmenne fag at jobbane er meir kjedelege, og yrkesfag gutane meiner dei er artigare. Her er det altså eit større utslag enn kva ein finn i Figur 4.5. Medan alle meiner at jobbane i Sogn og Fjordane er mindre stressande.

Tabell 4.6 syner svarprosenten på spørsmål om respondentane trur jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårligare betalt enn i for eksempel Oslo og Bergen

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Betre betalt	9%	12%	12%	14%
Like	65%	46%	58%	56%
Dårlegare betalt	26%	41%	30%	30%

Tabell 4.7 syner svarprosenten på spørsmål om respondentane trur jobbane i Sogn og Fjordane er artigare eller kjedeligare enn i for eksempel Oslo og Bergen

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Artigare	7%	26%	17%	36%
Like	70%	50%	69%	55%
Kjedeligare	23%	24%	13%	9%

Tabell 4.8 syner svarprosenten på spørsmål om respondentane trur jobbane i Sogn og Fjordane er mindre eller meir stressande enn i for eksempel Oslo og Bergen

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Mindre stressande	47%	58%	44%	46%
Like	48%	34%	50%	47%
Meir stressande	4%	8%	6%	8%

4.2.1 Deloppsummering for temaet jobb

Temaet jobb syner at ei lita overvekt av elevar på allmenne fag meiner jobbane i Sogn og Fjordane generelt sett er meir tradisjonelle enn moderne. Vidare trur dei at jordbruk, skogbruk og fiske er den sektoren kor det er flest jobbar i fylket. For same sektoren er det nesten ingen elevar på allmenne fag som ynskjer å jobbe. Den mest populære sektoren for jentene i begge gruppene er varehandel, hotell og restaurantverksemd, dernest følgjer offentleg forvaltning og anna tenesteyting. Gutane er mindre eintydige i kva bransje dei ynskjer å jobbe.

Resultata syner vidare at for elevane på allmenne fag er det mange som kanskje kan tenkje seg å jobbe i Sogn og Fjordane om nokre år. For yrkesretta fag er det ein høgre del som svarar bestemt at dei vil prøve å få seg jobb i fylket. Dette gjeld særskilt for gutane, der heile 60 prosent vel dette alternativet. I alle gruppene er det få som svarar eit bestemt nei til å få seg jobb i Sogn og Fjordane.

Det er berre eit fåtal som trur jobbane i Sogn og Fjordane er betre betalt enn i eksempelvis Oslo og Bergen. Rundt halvparten trur dei er like godt betalt, resten trur dei er dårlegare betalt. Ei overvekt av jentene på allmenne fag ser på jobbane i Sogn og Fjordane som kjedelige enn andre stadar, medan gutane på yrkesretta fag ser på jobbane i fylket som artigare. Dei andre gruppene er meir nøytrale til dette. Dei fleste trur jobbane i Sogn og Fjordane er mindre stressande enn i for eksempel Oslo og Bergen.

Jentene verdset spanande utfordringar og godt sosialt miljø som dei viktigaste faktorane med ein jobb, medan gutane i større grad dreg fram høg løn som ein viktig faktor. For gutane på allmenne fag er dette den viktigaste faktoren.

4.3 Tema: Framtida

I ei spørsmålsrekke er respondentane bedne om å ta stilling til seks ulike påstandar for korleis dei ser på framtida. Dei seks påstandane er: Eg gler meg, Eg trur eg kan realisere draumane mine, Eg trur eg vil finne meg ein bra jobb, Eg trur eg vil få eit bra sosialt liv, Eg er redd for å velje feil, Eg trur framtida blir betre enn eg har det no. Svaralternativer er ja, kanskje, eller nei. Resultata er presenterte frå og med Tabell 4.9 til og med Tabell 4.14. Også her er spørsmåla presentert på ei rekke. Denne er derimot meir broten opp med tekst, og det er ikkje så opplagt for respondenten å krysse seg nedover på midten, eller å lage ”mønster” i avkryssingsmatrisa.

Resultata syner at det er svært få som ikkje gler seg når dei ser på framtida si. Dei fleste er også rimelig optimistiske med tanke på å kunne realisere draumane sine, og å finne seg ein bra jobb. Dei er også svært optimistiske til å få eit bra sosialt liv. På spørsmålet om dei trur framtida blir betre enn dei har det no, svarar dei fleste kanskje alternativet. Her er resultatet altså litt meir moderat.

Tabell 4.9 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ”Eg gler meg” stemmer med slik dei ser på framtida

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	74%	63%	74%	70%
Kanskje	23%	33%	21%	27%
Nei	2%	5%	4%	3%

Tabell 4.10 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ”Eg trur eg kan realisere draumane mine” stemmer med slik dei ser på framtida

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	35%	45%	34%	37%
Kanskje	58%	48%	59%	56%
Nei	7%	7%	7%	7%

Tabell 4.11 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ”Eg trur eg vil finne meg ein bra jobb” stemmer med slik dei ser på framtida

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	49%	50%	51%	55%
Kanskje	46%	44%	43%	42%
Nei	5%	6%	6%	3%

Tabell 4.12 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ”Eg trur eg vil få eit bra sosialt liv” stemmer med slik dei ser på framtida

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	78%	77%	71%	66%
Kanskje	20%	18%	27%	30%
Nei	1%	5%	2%	4%

Tabell 4.13 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ”Eg er redd for å velje feil” stemmer med slik dei ser på framtida


	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	55%	41%	36%	27%
Kanskje	37%	39%	44%	46%
Nei	9%	21%	20%	28%

Tabell 4.14 syner i kva grad respondentane meiner at påstanden ”Eg trur framtida blir betre enn eg har det no” stemmer med slik dei ser på framtida

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	27%	28%	33%	34%
Kanskje	61%	59%	57%	57%
Nei	11%	13%	10%	9%


Respondentane er også svært positive til korleis Sogn og Fjordane fylke vil utvikle seg i framtida. Figur 4.10 syner at mellom 40 og 50 prosent meiner at fylket vil utvikle seg positivt. Medan mellom rundt 20 prosent har svara negativt. For gutane på allmenne fag er dette

nærare 30 prosent. Bak alternativa positivt og negativt var det eksemplifisert med høvesvis meir og færre –folk, jobbar og fritidstilbod.




Figur 4.10 syner svarprosenten til spørsmålet om korleis respondenten trur Sogn og Fjordane vil utvikle seg i framtida

Der er stilt spørsmål om korleis elevane får vite om ting som skjer i Sogn og Fjordane. Her syner det seg at lokalavisa er det klart viktigaste medium kor elevane får informasjon om fylket. Dernest er det å høre på når foreldre og andre snakkar. Figur 4.11 summerer opp svarprosenten til alternativet –ofte. Det er presisert i spørsmålstillinga at ofte tyder kvar veke.



Figur 4.11 syner svarprosenten til alternativet ofte (kvar veke) for ulike medium kor elevane får vite om ting som skjer i Sogn og Fjordane

Det er lista opp ni ulike faktorar der elevane er utfordra til å ta stilling til i kva grad kvar av desse er med og formar deira meiningar og haldningar. Alternativa er mykje, litt, eller lite. Figur 4.12 syner svarprosenten til alternativet mykje. Ein ser at dei to alternativa venner og nær familie, er dei desidert viktigaste faktorane som påverkar elevane.



Figur 4.12 syner svarprosenten til alternativet "mykje" for kva faktorar som er med å forme deira meininger og haldningar. Kvar faktor har alternativa mykje, litt og lite

Elevane sine planar om vidare utdanning er synt i Tabell 4.15. Spørsmålet er delt mellom klassesetrinna, og skravert område er svar frå elevar i tredje klasse¹⁰. Ein ser at om lag ein fjerdedel av elevane på allmenne fag ikkje har bestemt seg for vidare utdanning. På yrkesretta fag er naturleg nok dei fleste elevane i det andre klassesetrinet. Til saman litt over 70 prosent av jentene på yrkesretta fag vil ta fagbrev eller påbyggingsår og høgare utdanning, medan litt over 60 prosent av gutane svarar det same.

¹⁰ Det var nokre frå svar av elevar på allmenne fag i andre klasse. Dette er omtala i kapittel 3.1. Desse er grunna det låge talet blitt fjerna.

Tabell 4.15 syner svarprosenten til kva planar elevane har for vidare utdanning.

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Eg vil ta fagbrev			34%	42%
Eg vil ta påbyggingsår og høgare utdanning			38%	20%
Eg vil ikkje gå meir på skule			3%	3%
Eg har ikkje bestemt meg endå			18%	14%
Eg vil ta høgare utdanning	70%	68%	3%	11%
Eg vil ikkje gå meir på skule	2%	2%	2%	6%
Eg har ikkje bestemt meg endå	26%	24%	2%	5%

Skravert område er svar frå elevar i tredje klasse

Elevane som har ytra at dei vil ta høgare utdanning er spurde om dei vil starte på utdanninga rett etter vidaregåande. Ein ser i Tabell 4.16 at dei fleste har svara ja på dette spørsmålet. Deretter er dei mest svara alternativa å ha fri ei stund først, eller at dei ikkje veit dette.

Tabell 4.16 syner svarprosenten på spørsmål om dei elevane som ynskjer å ta høgare utdanning vil starte på denne rett etter vidaregåande

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	42%	34%	35%	58%
Nei, eg skal jobbe ei stund først	6%	10%	15%	16%
Nei, eg skal ha fri og gjere andre ting først (reise m.m.)	33%	28%	23%	3%
Veit ikkje	18%	28%	28%	23%

n = 323

Tabell 4.17 syner at over halvparten av gutane på allmenne fag vil ta mastergrad. Jentene i denne gruppa ser i litt mindre grad ut til å ha bestemt seg. For yrkesretta fag er det også ein stor del av elevane som vil ta høgare utdanninga som ikkje har bestemt seg for kva nivå dei vil utdanne seg til.

Tabell 4.17 syner svarprosenten på spørsmål om kva nivå dei ynskjer å utdanne seg til

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Bachelor	22%	16%	15%	10%
Mastergrad	34%	54%	28%	39%
Doktorgrad	8%	12%		10%
Veit ikkje	36%	19%	58%	42%

n = 323

For jentene på allmenne fag syner Tabell 4.18 at ein stor del ynskjer å studere helse-, sosial- og idrettsfag, medan for gutane er naturvitenskaplige, handverksfag og tekniske, samt økonomiske og administrative fag populære val. Jentene på yrkesretta fag vel i hovudsak humanistiske og estetiske fag, samt helse-, sosial- og idrettsfag. For gutane er naturvitenskapleg, handverksfag og tekniske fag det største valet. Generelt for alle er også at mange ikkje har bestemt seg endå. Lesaren må vere merksam på at for yrkesretta fag gjev denne seleksjonen få elevar. Fordelt på så mange kategoriar er det difor få respondentar i kvart alternativ.

Tabell 4.18 syner svarprosenten for spørsmålet om kva fag elevane vil studere

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Humanistiske og estetiske fag (språk, design o.l)	3%	4%	20%	3%
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	6%		5%	
Samfunnsfag og juridiske fag	8%	11%		3%
Økonomiske og administrative fag	7%	18%	5%	10%
Naturvitenskapelege fag, handverksfag og tekniske fag	3%	19%	3%	26%
Helse-, sosial- og idrettsfag	24%	9%	18%	
Primærnæringsfag (landbruk)			5%	6%
Andre fagfelt	15%	18%	18%	26%
Har ikkje bestemt meg endå	34%	19%	23%	16%
Må sjå kva eg kjem inn på	1%	4%	5%	10%

n = 323

For elevane som ikkje har bestemt seg kva dei vel gjere etter vidaregåande er svara i hovudsak at dei ikkje klarar å bestemme seg. Sjå vidare resultat i Tabell 4.19.

Tabell 4.19 syner svarprosenten til elevane som ikkje har bestemt seg om kvifor dei er usikre på kva dei vil gjere etter vidaregåande

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Eg klarar ikkje bestemme meg	48%	33%	33%	43%
Eg har ikkje tenkt så mykje på det endå	13%	24%	19%	22%
Eg vil sjå kva andre vener vel		2%		
Eg har ikkje fått nok informasjon	25%	18%	5%	22%
Andre grunnar	14%	22%	43%	13%

n = 153

Tabell 4.20 syner at halvparten av gutane på yrkesretta fag vil prøve å utdanne seg slik at dei kan få jobb i fylket. For gutane på allmenne fag svarar 25 prosent det same. For allmenne fag samla, og for jentene på yrkesretta fag, er det ein større del som svarar at dei vel det dei har lyst til. For jentene på allmenne fag svarar heile 60 prosent dette alternativet.

Tabell 4.20 syner svarprosenten på spørsmål om elevane tenker på å utdanne seg så dei kan få jobb i Sogn og Fjordane

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja, eg vil prøve å utdanne meg til å få jobb i fylket	21%	25%	31%	51%
Nei, eg vel det eg har lyst til	60%	48%	53%	36%
Eg veit eigentleg ikkje kva jobbar vi har i fylket	19%	28%	16%	13%

4.3.1 Deloppsummering for temaet om framtida

Ungdommane i Sogn og Fjordane er i all hovudsak positive til si eiga framtid. Dei gler seg, og trur dei vil få eit bra liv både sosialt og i jobsamanheng. Dei er også i stor grad positive til korleis Sogn og Fjordane vil utvikle seg i framtida. Dette gjeld i noko større grad for elevane på yrkesretta fag enn på allmenne fag.

Den mest brukte kjelda deira til å få informasjon om ting som skjer i Sogn og Fjordane er lokalavisa. Dernest er det å høyre kva foreldre og andre seier. Dei oppgjev at vene og nær familie er dei to viktigaste faktorane som påverkar deira meiningar og haldningars. Ulike medium som TV, radio og Internett er det færre som meiner er med å påverkar deira meiningar og haldningars.

For elevane på allmenne fag har 34 prosent av jentene ikkje bestemt seg for kva dei vil gjere med tanke på vidare utdanning. For gutane er dette 20 prosent. Det er så godt som ingen som ikkje vil gå meir på skule i denne gruppa. For yrkesretta fag er fordelinga omrent den same. For dei elvane som vil ta høgre utdanning er det ei overvekt som svarar at dei vil ta


mastergrad. Her ser derimot elevane på allmenne fag ut til å vere meir bestemte enn på yrkesretta fag. Særskilt gjeld dette gutane på allmenne fag.

Jentene på allmenne fag som vil ta høgre utdanning vel helse, sosial og idrettsfag som det mest aktuelle studiet. Vala er mykje like for jentene på yrkesretta fag, men desse set humanistiske og estetiske fag høgast. Gutane har ei breiare fordeling innan fagfelta, og ein ser at dei i større grad enn jentene vil studere økonomiske og administrative fag og naturvitenskaplege, handverksfag og tekniske fag.


Halvparten av gutane på yrkesretta fag svarar at dei vil utdanne seg for å få jobb i Sogn og Fjordane, medan dette gjeld 25 prosent av gutane på allmenne fag. For jentene på yrkesretta fag svarar om lag 30 prosent at dei tenkjer på å utdanne seg så dei kan få jobb i fylket. Medan det blant jentene på allmenne fag er 20 prosent. Her svarar vidare 60 prosent at dei vel den utdanninga dei har lyst til.

4.4 Tema: Livet

Siste temaet i undersøkinga omhandlar kva ungdommane meiner om å leve i Sogn og Fjordane. Dei er bede om å ta stilling til to skalaar. Desse går frå kjedeleg til moro og frå tradisjonelt til moderne. Figur 4.13 syner ein overvekt mot at ungdommane tykkjer livet i Sogn og Fjordane er moro. Dette gjeld særskilt for gutane på yrkesretta fag. Figur 4.14 syner svara for skalaen tradisjonelt – moderne. Denne er meir likt fordelt. Allmenne fag har ikkje noko særskilt retning, medan for yrkesretta fag svarar jentene med ei lita overvekt på tradisjonelt, medan gutane tykkjer det er meir moderne.



Figur 4.13 syner kva elevane meiner om livet i fylket. Skalaen går frå kjedelege til moro



Figur 4.14 syner kva elevane meiner om livet i fylket. Skalaen går frå tradisjonelt til moderne

Kva elevane meiner om å busetje seg i Sogn og Fjordane er synt i Tabell 4.21. For allmenne fag svarar flest at dei har lyst til å bu i fylket, men ikkje før om nokre år. For elevane på yrkesretta fag svarar flest at dei har lyst til å bu i fylket. For gutane har heile 50% valt dette alternativet. Det er vidare mellom 10 og 20 prosent av elevane som ikkje har lyst å bu i fylket.

Tabell 4.21 syner svarprosenten på spørsmål om kva respondentane meiner om å busette seg i Sogn og Fjordane

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Eg har lyst til å bu her	21%	29%	40%	50%
Eg har ikkje lyst til å bu her	15%	11%	18%	11%
Eg har lyst til å bu her, men ikkje før om nokre år	37%	34%	24%	13%
Trur det er det same kvar eg bur	5%	12%	8%	12%
Veit ikkje	22%	15%	9%	14%

Dei elevane som ikkje vil bu i Sogn og Fjordane, eller ikkje vil bu her før om nokre år, er stilt spørsmålet kvar dei helst vil bu. Tabell 4.22 syner resultatet, og det er tydeleg at Bergen er det


mest populære alternativet. Vidare svarar til saman over 30 prosent av gutane på allmenne fag at dei vil bu anten i andre land i Europa eller verda. Minner om at for yrkesfag er det mange som vil bu i Sogn og Fjordane i utgangspunktet. Dette gjer at få elevar i denne gruppa har fått spørsmålet. Derav er det eit lågt tal respondentar som ligg bak fordelinga, og resultata må sjåast deretter.

Tabell 4.22 syner svarprosenten på spørsmål om kva dei helst vil bu. Dette spørsmålet er berre stilt til elevane som ikkje vil bu i fylket, eller vil fyrst bu her etter nokre år


	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Oslo	8%	6%	14%	21%
Bergen	42%	41%	33%	50%
Trondheim	5%	6%	10%	8%
Ein annan by i Noreg	10%	6%	5%	8%
Ein annan stad i Noreg (men ikkje by)	12%	10%	17%	4%
Andre land i Europa	9%	12%	2%	4%
Andre land i verda	13%	20%	19%	4%

n = 241

Elevane er så bedne om å konkretisere kva som er dei verste og beste tinga ved å bu i Sogn og Fjordane. Kvar elev har kryssa av på dei to verste og to beste tinga. Figur 4.15 summerar opp resultatet for kva som er det verste ved å bu i Sogn og Fjordane. Det viser seg at det er fire svaralternativ som mange har kryssa på. Desse er; lite som skjer, få fritidstilbod å velje mellom, lange avstandar til sentrum, og at det er mykje sladder. Dei beste tinga ved å bu i Sogn og Fjordane er presentert i Figur 4.16. Også her er det fire alternativ som framhevar seg. Desse er; fin natur, er nær familien, har mange vener, og at det er trygt.



Figur 4.15 syner kva elevane svarte på spørsmålet om kva som er dei to verste tinga ved å bu i Sogn og Fjordane



Figur 4.16 syner kva elevane svarte på spørsmålet om kva som er dei to beste tinga ved å bu i Sogn og Fjordane

4.4.1 Deloppsummering av temaet om korleis det er å leve i Sogn og Fjordane

I alle gruppene er det ei overvekt som tykkjer det er meir moro enn kjedelig å leve i Sogn og Fjordane. Derimot tykkjer dei ikkje det er noko særskilt moderne. For allmenne fag svarar dei fleste at har lyst til å bu i Sogn og Fjordane, men ikkje før om nokre år. Det er likevel mellom 20 og 30 prosent som bestemt har lyst å bu i fylket. For yrkesretta fag svarar 50 prosent av gutane at dei har lyst å bu i Sogn og Fjordane, og 40 prosent av jentene. For gruppene samla ligg talet elevar som seier dei ikkje vil bu i Sogn og Fjordane på mellom 10 og 20 prosent.

For elevane som ikkje vil bu i fylket, eller kanskje vil bu her først om nokre år, syner det seg at Bergen er det mest populære alternativet. For gutane på allmenne fag er det derimot om lag like mange som ynskjer å bu i utlandet som ynskjer å bu i Bergen.

Det er fire faktorar som utmerkar seg som det verste med å bu i Sogn og Fjordane. Desse er; det er lite som skjer, det er få fritidstilbod, det er lange avstandar til sentrum og det er mykje sladder. Lite som skjer er den faktoren flest elevar trekkjer fram. For yrkesretta fag er det færre som meiner at få fritidstilbod er det verste, enn for allmenne fag. Vidare syner det seg at for jentene på yrkesretta fag er sladder den andre verste tingen med å bu i fylket. Jentene tykkjer også sladder er verre enn gutane. Gutane har i større grad trekt fram dei lange avstandane som negativt.

Det beste med å bu i Sogn og Fjordane syner seg å vere at det er fin natur, og at dei har mange vener. Vidare er faktoren at dei er nær familie noko som særskilt jentene trekkjer fram. At det er trygt er det også mange som svara. Dette har derimot ikkje så stor tilslutnad frå jentene på yrkesretta fag.

5. Oppsummering og diskusjon

I kapittel 3.2 på side 13 gav vi ein introduksjon til dei todelte ungdomsmiljøa, og at vi la dette til grunn som eit teoretisk resonnement for å dele mellom allmenne og yrkesretta fag.

Resultata syner at det fleire stadar er ei slik todeling å spore, og særskilt mellom jentene på allmenne fag og gutane på yrkesretta fag. Dette gjenspeglar seg i at gutane på yrkesretta fag generelt er meir positive til Sogn og Fjordane. Dei ynskjer i større grad å jobbe og bu i fylket. Medan svara frå jentene på allmenne fag, og for så vidt også gutane, syner at dei er litt mindre positive, og er noko meir retta utover.

Det er også eit skilje mellom kjønna som syner seg i nokre av spørsmåla. Eksempel på dette er at gutane, og særskilt på allmenne fag, har det ein kan kalle ei meir offensiv haldning.

Fleire oppgjev at motivasjonen for å starte bedrift er å tene pengar. Dei vil i større grad studere fagfelt innan økonomi, administrasjon, naturvitenskap og teknikk, og dei vil ta mastergrad. Dei trur i litt større grad at jobbane i Sogn og Fjordane er dårlegare betalt og mindre stressande, og fleire av desse vil ut i verda.

Jentene set verdiar som å skape noko sjølv høgt når dei vil starte bedrift. Dei vil studere innan fagfeltna helse, sosial, idrett, eller humanistiske og estetiske fag, og er meir usikre på kor lenge dei vil studere. Dei verdset også i høgare grad verdiar som å vere nære familien.

5.1 Blir ungdomane buande?

Å bu er den faktoren som avgjer om fylket vil dra nytte av ungdommane sine mål om både jobb og sosial utvikling. I kva grad ungdommane blir buande, er difor sett på som særskilt viktig.

Det er lite som tyder på at ungdommane ikkje likar seg Sogn og Fjordane. Nokre vil sikkert meine dette, men dei fleste ser ut til å ha det ganske bra i fylket. Mange svarar at dei kunne tenke seg å bu i fylket, iallfall om nokre år. Og berre mellom 10 og 20 prosent seier dei ikkje vil bu her. Basert på eksisterande statistikk er det likevel grunn til å tru at trenden med fråflytting vil fortsette.

I 2003 flytta 2 304 personar ut av fylket, og 1 713 flytta inn. Flyttetapet frå Sogn og Fjordane var altså 591 personar. Av dette flyttetapet reiste 238 personar til Hordaland, og 169 personar til Oslo. Aldersgruppa 20-29 år er den som flyttar mest. Her flytta 1 047 personar ut av fylket, og 632 flytta inn. Av eit samla flyttetap på 591 personar er såleis 415 av desse mellom 20 og 29 år¹¹. Ein må då også vere klar over i tillegg til dette kjem dei mange som reiser for å ta utdanning, og ikkje melder flytting medan dei studerer.

Ut frå svara til ungdommane kan vi også rekne med at det er elevane på allmenne fag som i hovudsak flytter. Dernest flytter jente på yrkesretta fag, og så nokre av gutane på yrkesretta fag.

¹¹ Tal frå Statistisk Sentralbyrå sin befolkningsstatistikk.

Trenden med at folk flyttar frå distrikta er på ingen måte ny. Det som derimot er relativt nytt, og som gjev seg meir dramatiske utslag, er at frå omlag 1970 har det gått mot eit stabilt lågt fødselstal. Dette kombinert med at folk flyttar ut av distrikta, har gjeve ei skeivfordeling i befolkninga. Resultatet er at dei sentrale stroka har ein overrepresentasjon av unge i høve til distrikta. Kjetil Sørlie hjå (NIBR/SSB) hevdar at denne faktoren er så sterk at sjølv med ein stor reduksjon i flyttetapet vil mange område i distrikta likevel oppleve ein nedgang i åra som kjem¹².

Mange av dei elevane som har bestemt seg for å bu i fylket blir nok verande. Dette ser vi i diskusjonen omkring dei todelte ungdomsmiljøa, og finn att i måten ungdommane svarar. Eit problem desse vil kunne oppleve er at enkelte bygdelag etterkvart misser fleire tilbod. Det blir ikkje er nok folk til å oppretthalde desse. Såleis vil motivasjonen for å bli verande kunne bli ytterlegare redusert for seinare generasjonar med elevar. Det er difor også viktig at dei ungdommane som har bestemt seg for å ikkje reise, blir gitt gode moglegheiter til å skape noko i fylket.

5.2 Kvifor reiser dei?

Dei tradisjonelle årsakene til at folk flyttar er kjende. Dei som flyttar ynskjer å leve livet sitt i andre omgjevnader enn der dei vaks opp. Dette kan vere at dei saknar særskilde tilbod, dei mislikar den sosiale strukturen, eller dei ynskjer ein spesiell jobb. Medan dei som blir på heimstaden set verdiane her høgare enn kva alternativa kan tilby. Geografen Jens Christian Hansen (UiB) peikar på at den kvalitative analysen er blitt langt meir utbreitt i forskinga på flytting dei seinare åra. I dette legg han at den metodiske inngangen til å forstå flytting i større grad handlar om korleis individet oppfattar ”rommet”. Rommet er ein stad. Denne blir oppfatta ulikt av ulike menneske, og han omtalar det difor som ”relasjonelt”. Staden må forståast slik individet oppfattar den, og kva relasjonar dei legg i den¹³.

Eit eksempel på denne typen forsking er nylig gjennomført hjå Norsk Senter for Bygdeforskning. Forskarane Marit S. Haugen og Mariann Villa har analysert 130 skulestilar¹⁴. Desse er skrivne av ungdommar på vidaregåande skule frå både distrikt og sentrale strok. Dei har analysert ungdommane sine tankar om livet og folka i distrikta. Eit sentralt spørsmål var å finne kva oppfatningar som er dominante, og korleis desse er i høve dei meir stereotypiske skildringane av bygda. Samt korleis oppfatningane er ulike mellom ungdommane. Deira funn syner at begge gruppene skildrar at distrikta er forskjellige frå byar. Ungdommane med bakgrunn frå by ser på distrikta som rare og kjedelige, medan ungdom med distriktsbakgrunn har eit mindre vekta syn. Desse er også meir ambivalente og både fordelar og ulemper er trekte fram. Eit anna funn, som også har fått litt omtale i media siste tida, er at 70 prosent av bydejentene trekte fram sladder som eit negativt trekk ved bygda. For gutane var dette 10 prosent. Noko vi også finn i tala våre, då jentene i litt større grad enn gutane meiner sladder er ein negativ faktor ved å bu i fylket.

¹² Sjå AB 4/99. Statistisk Sentralbyrå, Oslo; Sørlie, K. 2001. Kommunedemografi. Rapport-NIBR 5:2001. NIBR; Sørlie, K., 2003. Demografi og mobilitet i Møre og Romsdal. Notat-NIBR 101:2003. NIBR; eventuelt også: www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article209263.ece

¹³ Hansen, J. K. 2002. Ungdoms forhold til sted: Er Rjukan et blivende sted?. Geografi i Bergen nr. 254-2002. Universitet i Bergen

¹⁴ Haugen, M. S., Villa, M. 2003. The countryside - a rural idyll or a boring place? Young peoples' images of the rural. Paper 13-2003. Norsk senter for bygdeforskning.

Ein kvantitativ studie der 9600 personar i dei nordiske landa er spurde, syner også at dei sosiale relasjonane i større grad enn før er avgjerande for om folk flyttar. Denne studien trekk fram at folk i mindre grad flyttar for få seg arbeid, men fordi dei sjølv vil. Resultata deira syner også at både dei som flyttar og dei som blir verande, er nøgde med valet sitt¹⁵.

Frå desse undersøkingane kan vi ha grunn til å tru at dei sosiale relasjonane til ein stad er ein viktig faktor for kvifor ungdommane flyttar. Dei møter også sine eigne opplevde relasjonar opp mot kva andre meiner om det å bu i distrikta. Mykje tyder då på at årsaka til at dei flyttar ikkje er at dei må, men at dei har lyst. Det er altså eit trekk som flyttar ungdommane. Med dette meiner vi at dei blir trekt ut på grunn av at dei formar sine eigne relasjonar til staden der ute høgare enn heime. Samstundes ser vi at det ofte er mange søkerar til jobbar som blir utlyst i Sogn og Fjordane. Dette tyder på eit at der også er eit skyv. Det er mange som vil bu her, men i mangel på relevante jobbar blir dei skyvd ut av fylket.

Oppsummert kan det sjå ut som begge faktorane flyttar ungdommane. Dei blir både trekt og skyvd ut av fylket, og kva faktor som er sterkest vil sikkert variere frå person til person.

5.3 Skal vi prøve å få dei attende?

Oppbygging av kompetansearbeidsplassar, som har vore eit satsingsfelt dei seinare åra, er såleis ein faktor som kan lage ei motvekt til skyve. Det handlar derimot også om å skape dei verdiane som ungdommane ynskjer i sitt tilvære for å motverke trekket. Vi har her valt å fokusere på denne faktoren.

Desse verdiane er ikkje upåverkelege, men skapte av impulsar frå eigne opplevelingar og andre sine meningar. Det syner seg at ungdommane har nokre klare motsetnadar mellom oppfatningar og ynskjer. Mellom anna trur dei at jordbruk, skogbruk og fiske har flest sysselsette i Sogn og Fjordane, og samstundes svarar så godt som ingen at dei vil jobbe i denne næringa. Dei trur jobbane i Sogn og Fjordane jamt over er dårlegare betalt enn andre stader, og samstundes set flest guitar på allmenne fag høg løn som den viktigaste faktoren med ein jobb. Dei meiner at det verste med å bu i Sogn og Fjordane er at det skjer lite, men samstundes meiner dei at det er meir moro enn kjedelig å bu her. Dei svarar også rundt midten på om lag alle skalaspørsmåla. Dette kan vere eit teikn på at dei eigentleg ikkje veit. I alle høve syner desse punkta at ein viktig faktor er å gje ungdommane reell innsikt i kva moglegheiter og verdiar dei finn i Sogn og Fjordane. Det kan spørjast om dei får dette i tilstrekkelig grad i dag.

Ungdommane i undersøkinga svarar at vener og nær familie er dei som i størst grad påverkar deira meningar og haldningar. Dei svarar vidare at å høyre på når foreldre og andre snakkar er den informasjonskjelda som er nest mest nytta for å få vite om ting som skjer i fylket (etter lokalavisa). Å gje ungdommane betra innsikt handlar altså også om å skape haldningar. Og ein bruk av informasjonskanalar som treff ungdommane. Ungdommane sjølv har etterspurt eit eksempel på dette gjennom Fylkestinget for ungdom i 2001. Der ynskte dei å opprette ei rådgjevingsteneste på internet. Dette var også oppe som tema under Fylkestinget for ungdom i 2004¹⁶, og det føreligg no planar om å få til ei slik nettside. Den er i fyrste rekke tenkt som ein studierettleiar. Det kan derimot tenkast at dersom dette er ein kanal ungdommane finn føremålsteneleg kan ei slik teneste utvidast til å gje meir generell informasjon.


¹⁵ Nordisk Ministerråd. 2002. Nöjda så i Norden?. Nord 6:2002. Nordisk Ministerråd, København.

¹⁶ Kjelde: www.dittnett.no og Sogn og Fjordane Fylkeskommune (<http://www.sf-f.kommune.no>)

Av jentene på allmenne fag svarar 60 prosent at dei vel den utdanninga dei vil. Samstundes er det 34 prosent som ikkje veit kva utdanning dei vil ta. Dei veit altså iallfall at dei skal gjere valet sitt sjølv. Ungdommane trur også at dei vil få eit godt liv, og er optimistiske til framtida. Som vist ovanfor syner andre studiar at både dei som reiser og dei som blir på heimstaden er nøgde med dette. Det skulle såleis ikkje vere grunn til å bekymre seg for nokon av vala – ungdommane får det bra. I den grad ein skal prøve å få dei attende er det altså for å hjelpe Sogn og Fjordane, og ikkje ungdommane. Det vanskelege spørsmålet er då korleis ein skal motverke trekket ut av fylket når det er dette mange faktisk vil. Eit anna spørsmål er om ein i iveren etter å få attende dei som reiser gløymer dei som har bestemt seg for å bu i fylket. Og at desse får mindre ressursar til å utvikle seg sjølv og sine framtidsplanar. Resultatet kan i så tilfelle bli at rammene for å ta valet om å bu her endrar seg, og færre avgangselever vel dette i framtida.

Avslutningsvis så er det ikkje lett å gjere seg lekker opp mot Bergen i denne samanhengen, eller resten av verden, for den del. Likevel er det grunn til å tru at mange ungdommar veit meir om kva moglegheiter dei finn i Bergen enn i Sogn og Fjordane. Eit riktig steg kan difor vere å gje dei relevante arbeidsplassar, men også ikkje minst å gje dei den innsikta dei manglar. Då kan ein iallfall motverke at ungdommane reiser frå Sogn og Fjordane i mangel på kunnskap om alternativet.

Vedlegg I - Dømer på den grafiske framstillinga



Ungdomsbørometer for Sogn og Fjordane

Fil Rediger Vis Favoritter Verktøy Hjelp

Tilbake Søk Favoritter Medier Gå til

Adresse: Gå til

UNGDOMSBØROMETER > SGN OG FJORDANE



Om du skal starte ei bedrift, vil du då at den skal ligge i Sogn og Fjordane?

Ja
 Nei
 Veit ikkje

NESTE




ETABLERE BEDRIFT >

Fullført Lokalt intranett

Ungdomsbørometer for Sogn og Fjordane

Fil Rediger Vis Favoritter Verktøy Hjelp

Tilbake Søk Favoritter Medier Gå til

Adresse: Gå til

Kunne du tenkje deg å jobbe i Sogn og Fjordane?

Ja, eg vil prøve å få jobb her i fylket
 Kanskje, men ikkje før om nokre år
 Nei, aldri
 Veit ikkje

NESTE





JOBB >

Fullført Lokalt intranett

Ungdomsbørneter for Sogn og Fjordane

Fil Rediger Vis Favoritter Verktøy Hjelp

Tilbake Søk Favoritter Medier

Adresse: Gå til

UNGDOMSBØRNETER > SGN OG FJORDANE

Kor mange år vil du bruke på utdanning?

- Bachelor (3 år)
- Mastergrad (4-5 år)
- Doktorgrad (8-10 år)
- Veit ikkje

NESTE



FRAM TIDA >



Ungdomsbørneter for Sogn og Fjordane

Fil Rediger Vis Favoritter Verktøy Hjelp

Tilbake Søk Favoritter Medier

Adresse: Gå til

UNGDOMSBØRNETER > SGN OG FJORDANE

Kva er dei 2 verste tinga med å bu i Sogn og Fjordane?

- Lite som skjer
- Få folk
- Få fritidstilbod å velje mellom
- Føler meg einsam
- Lange avstandar til sentruma
- Det er mykje sladder
- Det er vanskeleg å vere seg sjølv
- Det er kjedelig

NESTE



LIVET >

Fullført Lokalt intranett

Vedlegg II – Prosedyre for brukartesting

Brukartestinga starta ved at elevane vart presenterte for personen som skulle følgje dei gjennom testen¹⁷. Dei fekk så litt tid til å kome seg til rette. Deretter fekk dei ein kort presentasjon av kva dei skulle gjennom. Denne bestod i at dei fekk vite at vi lagde ei spørjeundersøking for elevane som gjekk siste året på vidaregåande i Sogn og Fjordane. Vi ville at dei skulle prøve ut denne. Det vart i dette presisert at det ikkje var dei vi skulle teste, men nettenesta. Om dei meinte at noko var vanskeleg å skjøne, eller at sida i seg sjølv ikkje var fin, så var det altså vi som hadde gjort ein feil, og ikkje dei. Det var nettopp for å finne slike ting vi hadde dei på besøk. Så til meir dei fann, til betre var det. Dei vart også oppfordra til å tenkje høgt etterkvart som dei gjekk gjennom nettsida. Derimot var vi ikkje interessert i kva dei kryssa på dei ulike spørsmåla. Det trengde såleis ikkje å krysse på alternativa dei meinte var rette, men kunne godt gje andre svar om dei ynskte det.

Testleiarane sat ved sida av elevane når dei gjekk gjennom undersøkinga. Skjemaet under var nyttå som notatskjema.

1. Tidsbruk

Testleiar noterer alt brukaren gjer, og spesielt problem som oppstår:

Vurderer:

- problemfritt
- mindre alvorlege
- alvorlege
- svært alvorlege

2. I kva grad dei oppfattar spørsmåla rett?

Testleiar noterer alt brukaren gjer, og spesielt problem som oppstår:

Vurderer:

- problemfritt
- mindre alvorlege
- alvorlege
- svært alvorlege

¹⁷ Testleiarane ved Vestlandsforsking var Thor André Fløtre, Øyvind Heimset Larsen og Terje Åberge.

3. I kva grad dei kjedar seg?

Testleiar noterer alt brukaren gjer, og spesielt problem som oppstår:

Vurderer:

- problemfritt
- mindre alvorlege
- alvorlege
- svært alvorlege

Etter undersøkinga oppfordra vi dei til å kome med innspel om korleis dei sjølve ville gjort det med tanke på layout og oppbygnad dersom dei skulle laga undersøkinga.

Vedlegg III – Resultat frå dei ulike historiene

Det er laga ulike historier for å syne ungdommane nokre moglegheiter gjennom ulike verksemder, og å syne dei litt om Sogn og Fjordane. Det var ein målsetnad at verksemdene skulle dekkje forskjellige næringar. Resultata er gjengjevne i korte trekk under. Det gjerast merksamt at for desse spørsmåla vart nok ungdommane klar over at quiz-en skulle utfordre dei litt. Samt at målsetnaden med spørsmåla var å stimulere til å lese teksten, og ikkje å samle resultat. Det skulle også presenterast positive historier om fylket. Det er grunn til å tru at spørsmåla er svara på deretter. Ein kan difor ikkje nytte dette som nøytrale resultat.

Moods of Norway

Historia om Moods of Norway i Stryn er omtala i teksten og blir ikkje gjenteken her. Denne omtalen syner også opplegget til desse spørsmåla.

Nyland Maskin

Elevane vart synte eit bilet og ein kort introduksjon til verksemda Nyland Maskin på Breim. Desse driv eit firma med landbruksmaskiner. Spørsmålet til ungdommane var kor mange rundballar dei trudde firmaet har laga totalt sett. Tabellen under syner svarfordelinga. Det rette svaret er 100 000 rundballar.

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
10 000	1%	3%	5%	3%
20 000	9%	15%	8%	15%
50 000	38%	35%	43%	24%
100 000	52%	47%	44%	58%

Lotteritilsynet

For å syne delar av den offentlege sektoren i fylket vart lotteritilsynet i Førde presentert. Det vart gjeve ei kort introduksjon av dei ulike ansvarsområda deira. Spørsmålet til ungdommane var om dei trur det er heilt tilfeldig kva kule som dett ned i lottotrekkinga. Dei vart synte bilete frå lottotrekkinga på TV. Tabellen under syner svarfordelinga. Det rette svaret er ja, og det sørger lotteritilsynet for. (I kva grad dei har svara seriøst på dette spørsmålet veit vi ikkje.)

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	59%	50%	67%	56%
Nei	41%	50%	33%	44%

Paxar NTP

Paxar NTP i Gaupne vart presentert som ei verksemd med ein stor internasjonal marknad. Desse lagar trykk til ulike plagg, og derimellan til draktene til mange av dei store fotballklubbane. Dei fekk sjå eit bilet av David Beckham, med opplysninga at ei verksemd i fylket hadde han på kundelista si. Dei skulle så tippe kva den lagde. Svara er presentert i tabellen under.

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Fotballsko	24%	14%	36%	23%
Fotballdrakter	41%	48%	44%	42%
Sjampo	35%	37%	20%	36%

Olden Aktiv

Olden Aktiv vart trekt fram som ei reiselivsverksemd i fylket. Verksemda driv breføring på Briksdalsbreen, og spørsmålet var kor mange nasjonalitetar dei trudde verksemda hadde innom i løpet av ein sesong. Dei vart synte bilet av Vegard Vereide som har starta verksemda, og brevandring. Tabellen under syner resultata. Det rette svaret er 40 nasjonalitetar.

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
10	3%	3%	6%	5%
40	52%	37%	52%	48%
80	45%	61%	42%	48%

Sogn og Fjordane

Elevane vart spurde om noko av det Sogn og Fjordane har av meir unike ting. Mykje av dette er relatert til naturgjevne forhold. Dei fekk spørsmålet om kva påstand som er rett. Svara er synte i tabellen under. Dei vart gjevne fasiten på neste sida. Alle påstandane er rette.

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Verdas lengste fjord	69%	71%	67%	67%
Europas største isbre (på fastland)	60%	60%	57%	58%
Europas djupaste innsjø	48%	62%	36%	56%
Ein av verdas brattaste jernbaner	26%	45%	24%	38%
Skandinavia sitt vestligaste punkt	37%	57%	27%	36%
Verdas beste reisemål	40%	52%	29%	53%

Elevane vart så spurde om dei trur Sogn og Fjordane er verdast beste stad å bu. Forklaringa til spørsmålet vart kopla opp til statistikk omkring Noreg sin rangering som beste landet i verda og bu i av FN, og dernest av Sogn og Fjordane kjem godt ut på mange av dei nasjonale statistikkane. Svara er synte i tabellen under.

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja, for alle	12%	23%	16%	31%
Ja, men mest for familiar med små ungar	33%	34%	33%	32%
Kanskje	39%	31%	37%	23%
Nei	16%	13%	14%	15%

Det siste spørsmålet i undersøkinga var i kva grad dei hadde fått vite noko nytt om kanskje påverka synet deira på Sogn og Fjordane. Svara er synte i tabellen under.

	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja	36%	38%	32%	27%
Nei	40%	45%	48%	43%
Veit ikkje	25%	17%	20%	31%

Vedlegg IV - Resultat frå spørjeundersøkinga

Resultata er framstilte i faktiske tal (n)

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Har du vore med på elevbedrift eller ungdomsbedrift?	Ja	39	29	49	27
	Nei	166	126	49	74
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kan du tenkje deg å etablere bedrift?	Ja	51	70	36	37
	Nei	36	17	8	15
	Kanskje	118	68	54	49
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva er viktigaste grunnen til at du kunne tenkje deg å starte ei bedrift?	Eg trur det er spanande og gjev mykje fridom	17	21	7	10
	Eg vil skape noko sjølv	26	17	19	12
	Eg vil tene masse pengar	4	27	6	12
	Eg har ein god idé om eit produkt som manglar	1	3	1	3
	Andre grunnar	3	2	3	
Total		51	70	36	37

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva er viktigaste grunnen til at du ikkje kunne tenkje deg å starte ei bedrift?	Eg har ingen god idé om kva bedrifta skal lage	3	3	3	
	Eg trur det er vanskeleg og mykje slit å starte bedrift	10	2	2	5
	Eg er redd for å mislykkast og gå konkurs	4	1	2	
	Det passar ikkje med utdanninga eg planlegg å ta	13	5	4	3
	Andre grunnar	6	6	2	2
Total		36	17	8	15

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Om du skal starte ei bedrift, vil du då at den skal ligge i Sogn og Fjordane?	Ja	54	41	28	42
	Nei	31	27	16	10
	Veit ikkje	84	70	46	34
Total		169	138	90	86

	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meinar du om denne?	2	18	17	14	9
	3	28	17	6	11
	4	87	69	48	30
	5	50	29	19	35
Total		22	23	11	16
		205	155	98	101

	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Tenk på ei bedrift du kjenner i fylket. Kva meinar du om denne?	2	33	24	23	8
	3	37	26	15	22
	4	90	57	43	35
	5	32	28	8	27
Total		13	20	9	9
		205	155	98	101

	Trur du plagget er laga i Sogn og Fjordane?	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja		129	100	61	73
Nei		76	55	37	28
Total		205	155	98	101

	Trur du plagget er laga i Sogn og Fjordane?	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja		135	108	57	64
Nei		70	47	41	37
Total		205	155	98	101

	Kunne du tenkje deg å starte ei slik bedrift?	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Ja		89	60	44	23
Nei		44	76	28	68
Nei, men eg kunne godt tenkt med å jobbe i ei slik bedrift		72	19	26	10
Total		205	155	98	101

	50	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kor mange bedrifter trur du startar opp i Sogn og Fjordane i løpet av eit år?	100	69	52	29	32
	200	38	21	15	19
	500	30	25	24	22
	700	1	7	2	3
Total		205	155	98	101

	10 000	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kor mange rundballar trur du Nyland Maskin har laga?	20 000	18	23	8	15
	50 000	78	55	42	24
	100 000	106	73	43	59
Total		205	155	98	101

	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva meinar du om jobbane du kjenner i fylket –generelt sett?	2	29	32	13	17
	3	114	76	56	48
	4	31	25	15	15
	5	8	4	6	12
Total		205	155	98	101

	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva meinar du om jobbane du kjenner i fylket –generelt sett?	2	44	37	18	13
	3	101	71	48	49
	4	19	14	13	18
	5	6	3	4	8
Total		205	155	98	101

Veit du kva slags jobbar vi har mest av i Sogn og Fjordane?	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Jordbruk, skogbruk og fiske	1	114	104	62	66
Utvinning av råolje og naturgass	1	19	12	4	13
Industriproduksjon og bergverksdrift	1	69	50	33	25
Kraft og vassforsyning	1	77	59	33	41
Bygge- og anleggsverksemd	1	75	47	34	46
Varehandel, hotell og restaurantverksemd	1	89	54	43	29
Transport og kommunikasjon	1	60	45	45	37
Finansiell tenesteyting	1	7	16	5	4
Forretningsmessig tenesteyting	1	15	18	6	11
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	1	90	60	29	31

Kva bransje kunne du tenkje deg å jobbe i, eller starte bedrift i?	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Jordbruk, skogbruk og fiske	1	3	5	12	11
Utvinning av råolje og naturgass	1	7	14		10
Industriproduksjon og bergverksdrift	1	17	13	5	13
Kraft og vassforsyning	1		4		9
Bygge- og anleggsverksemd	1	1	7	1	20
Varehandel, hotell og restaurantverksemd	1	65	25	51	12
Transport og kommunikasjon	1	8	15	6	9
Finansiell tenesteyting	1	8	17	2	3
Forretningsmessig tenesteyting	1	31	27		4
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	1	65	28	21	10

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
	Ja, eg vil prøve å få jobb her i fylket	52	45	33	62
Kunne du tenkje deg å jobbe i	Kanskje, men ikkje før om nokre år	94	67	30	15
Sogn og Fjordane?	Nei, aldri	11	15	10	8
	Veit ikkje	48	28	25	16
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Trur du det er tilfeldig kva kule som	Ja	120	77	66	57
dett ned i Lotto trekninga?	Nei	85	78	32	44
Total		205	155	98	101

Kryss av for dei tre tinga du meinar er viktigast med ein jobb	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Spanande utfordringar	1	156	85	64	63
Kunne reise mykje	1	13	19	5	10
Høg løn	1	69	100	35	54
Hyggeleg sjef	1	18	12	15	14
Gode medarbeidarar	1	90	62	48	45
Behagleg arbeidstid	1	33	31	11	22
Godt sosialt miljø	1	137	80	56	49
Gjere noko eg er flink til	1	95	56	42	36
Andre ting	1	2	4	4	2

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Trur du jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårligare enn andre stader?	Betre betalt	18	19	12	14
	Like	133	72	57	57
	Dårligare betalt	54	64	29	30
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Trur du jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårligare enn andre stader?	Artigare	15	40	17	36
	Like	143	78	68	56
	Kjedeligare	47	37	13	9
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Trur du jobbane i Sogn og Fjordane er betre eller dårligare enn andre stader?	Mindre stressande	97	90	43	46
	Like	99	52	49	47
	Meir stressande	9	13	6	8
Total		205	155	98	101

Korleis ser du på framtida di?		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
	Ja	152	97	73	71
Eg gler meg	Kanskje	48	51	21	27
	Nei	5	7	4	3
Eg trur eg kan realisere draumane mine	Ja	72	70	33	37
	Kanskje	119	74	58	57
	Nei	14	11	7	7
Eg trur eg vil finne meg ein bra jobb	Ja	100	78	50	56
	Kanskje	95	68	42	42
	Nei	10	9	6	3
Eg trur eg vil få eit bra sosialt liv	Ja	160	120	70	67
	Kanskje	42	28	26	30
	Nei	3	7	2	4
	Ja	112	63	35	27
Eg er redd for å velje feil	Kanskje	75	60	43	46
	Nei	18	32	20	28
	Ja	56	43	32	34
Eg trur framtida blir betre enn eg har det no	Kanskje	126	92	56	58
	Nei	23	20	10	9

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Korleis trur du Sogn og Fjordane vil utvikle seg i framtida?	Positivt	87	68	47	53
	Negativt	40	43	17	17
	Fortsette å vere slik som no	49	25	19	22
	Veit ikkje	29	19	15	9
Total		205	155	98	101

Korleis får du vite om ting som skjer i Sogn og Fjordane?		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
	Ofte	160	107	61	59
Eg les lokalavisa	Av og til	37	35	33	35
	Sjeldan	8	13	4	7
	Ofte	51	36	10	17
Eg hører på NRK Sogn og Fjordane	Av og til	71	60	43	44
	Sjeldan	83	59	45	40
	Ofte	85	47	27	32
Eg ser ting på TV (m.a. Vestlandsrevyen)	Av og til	87	75	54	46
	Sjeldan	33	33	17	23
	Ofte	38	44	17	24
Eg les ting om fylket på internett	Av og til	85	63	42	41
	Sjeldan	82	48	39	36
	Ofte	109	69	49	36
Eg hører på når foreldre og andre snakkar	Av og til	76	71	41	52
	Sjeldan	20	15	8	13
	Ofte	68	55	19	23
Eg diskuterar ting som skjer i fylket med vener	Av og til	102	50	54	58
	Sjeldan	35	50	25	20

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva trur du bedrifa som har David Beckham på kundelista produserar?	Fotballsko	49	22	35	23
	Fotballdrakter	84	75	43	42
	Sjampo	72	58	20	36
Total		205	155	98	101

<i>I kva grad blir du som person (dine meininger og haldning) forma av:</i>		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
TV(for eksempel seriar)	Mykje	33	45	26	25
	Litt	119	71	55	48
	Lite	53	39	17	28
Radio (for eksempel P3)	Mykje	9	7	10	8
	Litt	84	59	38	48
	Lite	112	89	50	45
Internett (ting du surfar på)	Mykje	35	49	20	32
	Litt	100	74	54	47
	Lite	70	32	24	22
Aviser	Mykje	48	43	16	17
	Litt	125	80	64	65
	Lite	32	32	18	19
Vekeblad og magasin	Mykje	36	6	23	7
	Litt	110	55	58	42
	Lite	59	94	17	52
Vener	Mykje	135	89	67	61
	Litt	67	57	30	36
	Lite	3	9	1	4
Nær familie	Mykje	137	73	58	45
	Litt	62	75	35	46
	Lite	6	7	5	10
Skule/lærarar	Mykje	33	21	14	19
	Litt	125	96	59	60
	Lite	47	38	25	22
Lag og foreiningar (idrettslag, ungdomsklubb o.l.)	Mykje	29	27	14	10
	Litt	101	66	38	54
	Lite	75	62	46	37

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva planar har du for vidare utdanning?	Eg vil ta fagbrev			33	42
	Eg vil ta påbyggingsår og høgare utdanninç			37	20
	Eg vil ikkje gå meir på skule			3	3
	Eg har ikkje bestemt meg endå			18	14
	Eg vil ta høgare utdanning	143	106	3	11
	Eg vil ikkje gå meir på skule	5	3	2	6
	Eg har ikkje bestemt meg endå	53	37	2	5
Total		201	146	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Vil du byrje på utdanninga rett etter vidaregåande?	Ja	61	37	14	18
	Nei, eg skal jobbe ei stund først	9	11	6	5
	Nei, eg skal ha fri og gjere andre ting først (reise m.m.)	48	30	9	1
	Veit ikkje	26	30	11	7
Total		144	108	40	31

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kor mange år vil du bruke på utdanninga?	Bachelor	32	17	6	3
	Mastergrad	49	58	11	12
	Doktorgrad	11	13		3
	Veit ikkje	52	20	23	13
Total		144	108	40	31

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva fag vil du studere?	Humanistiske og estetiske fag (språk, design o.l)	5	4	8	1
	Lærarutdanninger og utdanninger i pedagogikk	8		2	
	Samfunnsfag og juridiske fag	11	12		1
	Økonomiske og administrative fag	10	19	2	3
	Naturvitenskapelige fag, handverksfag og tekniske fag	5	20	1	8
	Helse-, sosial- og idrettsfag	34	10	7	
	Primærnæringsfag (landbruk)			2	2
	Andre fagfelt	21	19	7	8
	Har ikkje bestemt meg endå	49	20	9	5
	Må sjå kva eg kjem inn på	1	4	2	3
Total		144	108	40	31

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kvifor er du usikker på kva du skal gjere etter vidaregåande?	Eg klarar ikkje bestemme meg	31	15	7	10
	Eg har ikkje tenkt så mykje på det endå	8	11	4	5
	Eg vil sjå kva andre vener vel		1		
	Eg har ikkje fått nok informasjon	16	8	1	5
	Andre grunnar	9	10	9	3
Total		64	45	21	23

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kor mange nasjonalitetar trur du Vegard har innom bedrifta si i året?	10	6	4	6	5
	40	106	57	51	48
	80	93	94	41	48
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Tenkjer du på om dine framtidsplanar passar til jobbar i Sogn og Fjordane?	Ja, eg vil prøve å utdanne meg til å få jobb i fylke	43	38	30	52
	Nei, eg vel det eg har lyst til	124	74	52	36
	Eg veit eigentleg ikkje kva jobbar vi har i fylket	38	43	16	13
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Korleis er det å leve i Sogn og Fjordane?	1	15	19	14	8
	2	22	14	10	9
	3	68	40	30	24
	4	65	55	27	30
	5	35	27	17	30
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Korleis er det å leve i Sogn og Fjordane?	1	18	21	18	7
	2	43	26	20	15
	3	93	72	46	40
	4	47	25	10	22
	5	4	11	4	17
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kva meinar du om å busette deg i Sogn og Fjordane?	Eg har lyst til å bu her	43	45	39	51
	Eg har ikkje lyst til å bu her	30	17	18	11
	Eg har lyst til å bu her, men ikkje før om nokre år	76	52	24	13
	Trur det er det same kvar eg bur	10	18	8	12
	Veit ikkje	46	23	9	14
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Kvar vil du helst bu?	Oslo	8	4	6	5
	Bergen	45	28	14	12
	Trondheim	5	4	4	2
	Ein annan by i Noreg	11	4	2	2
	Ein annan stad i Noreg (men ikkje by)	13	7	7	1
	Andre land i Europa	10	8	1	1
	Andre land i verda	14	14	8	1
Total		106	69	42	24

Kva er det verste ved å bu i Sogn og Fjordane?	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Lite som skjer	1	118	74	56	54
Få folk	1	31	30	13	23
Få fritidstilbod å velje mellom	1	77	66	30	31
Føler meg einsam	1	5	5	4	6
Lange avstandar til sentruma	1	67	57	24	37
Det er mykje sladder	1	70	41	38	21
Det er vanskeleg å vere seg sjølv	1	17	12	10	11
Det er kjedeleg	1	25	25	21	19

Kva er det beste ved å bu i Sogn og Fjordane?	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Fin natur	1	81	84	45	52
Mange gode fritidstilbod	1	6	3	5	11
Er nær familien	1	81	37	37	20
Har mange vener	1	110	74	55	49
Her er trygt	1	61	51	14	26
Mykje å drive med på fritida	1	9	21	4	14
Det er trivelig	1	40	23	16	20
Det er lett å vere seg sjølv	1	22	17	20	10

Kva påstandar under trur du er riktige?	1	Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Verdas lengste fjord	1	142	110	66	68
Europas største isbre (på fastland)	1	123	93	56	59
Europas djupaste innsjø	1	99	96	35	57
Ein av verdas brattaste jernbaner	1	54	70	24	38
Skandinavia sitt vestligaste punkt	1	75	88	26	36
Verdas beste reisemål	1	81	80	28	54

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Meinar du det er riktig at Sogn og Fjordane er verdas beste stad å bu?	Ja, for alle	24	35	16	31
	Ja, men mest for familiarar med små ungar	68	52	32	32
	Kanskje	80	48	36	23
	Nei	33	20	14	15
Total		205	155	98	101

		Allmenne fag		Yrkesretta fag	
		Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Fekk du vite noko nytt som kanskje påverka synet ditt på Sogn og Fjordane?	Ja	73	59	31	27
	Nei	81	69	47	43
	Veit ikkje	51	27	20	31
Total		205	155	98	101